




Viltet i Bømlo

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Bømlo kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Viltet i Bømlo

Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane

Bømlo kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 4/2003

Foto på framsida frå øvst (namn på fotograf i parantes):

Hjort (Magnus J. Steinsvåg), havhest (Frode Falkenberg), teist (F. Falkenberg), hubro (F. Falkenberg),
ung havørn (F. Falkenberg), padde (M.J. Steinsvåg).

Illustrasjonar er gjengitt med løyve:

Direktoratet for naturforvaltning: s 26, 27, 28, 30

Viggo Ree: s 21, 22, 23, 25, 31, 32, 33, 34, 35

Rune Roalkvam: s 24, 29

Ansvarlege institusjonar: Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 4/2003
Tittel: Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	ISBN: 82-8060-011-6 ISSN: 0804-6387
Forfattarar: Magnus Johan Steinsvåg og Olav Overvoll	Tal sider: 55
Kommunalt prosjektansvarlig: Sverre Olav Svarstad	Dato: 10.02.2003
Samandrag: Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernavingdeling, har Bømlo kommune gjennomført revidering av eksisterande viltkart for kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga. Det er òg eit ønskje at kartlegginga skal føre til ei auka interesse for vilt og viltforvalting. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar det nye kartverket alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle førekomande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar (raudlisteartar), område som er viktige for enkelte artar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike. Kartverket inneheld tre kart: Eit kart for småvilt og trekkvegar for hjort, eit kart med opplysningar unna-teke offentlegheit og eit kart over prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Karta føreligg både i trykt og digital form. Kartet over prioriterte viltområde er vedlagt viltrapporten. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga i Bømlo har blitt gjennomført, ein omtale av dei ulike viltområda og ei fullstendig oversikt over alle viltartar som er registrerte i Bømlo. Fem område i Bømlo er avmerka 5 som svært viktige viltområde og 18 som viktige. I tillegg er det kartfesta 12 trekkvegar for hjort. Det er registrert 250 viltartar i kommunen: 1 amfibium, 3 krypdyrartar, 224 fugleartar og 22 pattedyrartar. Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet er av den grunn på ingen måtar fullstendig. Dessutan kan situasjonen for viltet endre seg over tid, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er difor naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Ein oppfordrar folk som sit inne med opplysningar eller finn feil og manglar ved kartverket, til å melde frå om desse til kommunen. Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.	
Referanse: Steinsvåg, M.J. og Overvoll, O. 2003. Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 4/2003: 1-55.	
Emneord: Bømlo kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr	
Bømlo kommune 5430 Bremnes Tlf: 53 42 30 00, Fax: 53 42 30 01	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland

FORORD

Fylkesmannen har i mange år oppmoda kommunane om å gjennomføra viltkartlegging. Målet deira er at alle kommunane skal ha oppdaterte viltkart over heile kommunen. Viltkartet skal vere eit verktøy i offentleg forvaltning som skal sikre leveområda for viltet.

Vidare har Stortinget vedteke i Stortingsmelding nr. 58 (1996-1997) at alle kommunane skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet innan utgangen av 2003.

Dette var bakgrunnen for at Bømlo Formannskap 4.9.01 gjorde samrøystes vedtak:

"Bømlo kommune startar opp arbeidet med kartlegging og verdiklassifisering av biologisk mangfald. Planen bør vere ferdig innan utgangen av 2003. Viltkartlegging skal inngå som ein del av planarbeidet".

For å sikra det faglege nivået på arbeidet vart det tidleg klart at kommunen burde leige inn private konsulentar med kompetanse innan botanikk og zoologi til å gjennomføra planarbeidet. Etter ein tilbudsrunde vart det gjort avtale med Magnus Steinsvåg om viltkartlegging og Bjørn Moe fekk oppdraget med kartlegging av biologisk mangfald.

Magnus Steinsvåg starta på viltkartlegginga i slutten av mai 2002. Arbeidet starta med eit møte med leiarane i Bondelaget, Skogeigarlaget, Jakt- og Fiskelaget, Naturbruksutvalet, Sau-og Geiteavlslaget og Bonde - og Småbrukarlaget. Leiar i Sunnhordland Ornitologiske Forening og leiar av Bømlo Naturvernforening var også med på møte. Møte var viktig for å få ut informasjon til lag og organisasjonar og publikum. Vidare var det viktig at Magnus Steinsvåg fekk innspel til viltkartlegginga.

Magnus Steinsvåg har eit stort engasjement for naturen i heimkommunen Bømlo. Han har gjennom studie skaffa seg mykje kunnskap om viltet. Ved å kombinere engasjement og kunnskap i arbeidet med viltkartlegginga har han gjort ein svært god jobb.

Me vil takke alle som har delteke i kartleggingsarbeidet. Magnus har vore heilt avhengig av den informasjonen som medlemar i lag og organisasjonar har kome med. Særleg har informasjonen han har fått frå medlemane i Bømlo Jakt og Fiskelag, Bømlo Naturbruksutval og Sunnhordland Ornitologiske Forening vore viktige for det ferdige viltkartet. Me vil spesielt takke styret i Sunnhordland Ornitologiske Forening ved leiar Odd Hallaråker for eit svært godt samarbeid.

Me vil også takke Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen for støtte i form av midlar og fagleg rådgjeving. Ein spesiell takk til førstekonsulent Olav Overvoll for godt samarbeid. Han har vore til stor hjelp gjennom heile viltkartlegginga og har blant anna vore til hjelp ved digitaliseringa av kartgrunnlaget.

Bømlo har no fått eit godt viltkart som gir ein god samla oversikt over dei mest verdfulle områda for viltet. Vårt ynskje er at denne informasjonen skal verte nytta i arealforvaltninga både av dei tilsette og av politikarane. Me har også eit håp om at auka kunnskap om naturen skal føra til at dei unge får større interesse for å ta vare på naturen.

Bremnes 04.11.2002

Njål G. Slettebø landbrukssjef (miljøansvarleg)

INNHALD

FORORD	5
INNHALD	7
INNLEIING	9
BAKGRUNN	9
LOVGRUNNLAG	9
INTERNASJONALE KONVENSJONAR	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR	10
UTFORMING AV VILTKARTVERKET	11
METODIKK FOR ARBEIDET I BØMLO	13
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET	13
PROSJEKTGRUPPE	13
PROSJEKLEIAR	13
REFERANSEGRUPPE	13
INNSAMLING AV INFORMASJON	13
KARTFRAMSTILLING	13
NATURGRUNNLAGET	14
GEOGRAFISK PLASSERING OG AREALBRUK	14
LANDSKAP OG GEOLOGI	14
KLIMA	14
VEGETASJON	14
SKILDING AV VILTOMRÅDA I BØMLO	15
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE	15
VIKTIGE VILTOMRÅDE	15
VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT	17
TRUA OG SÅRBARE ARTAR I BØMLO	18
GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR	18
RAUDLISTER	18
STATUS FOR VILTET I BØMLO	21
AMFIBIUM	21
KRYPDYR	21
FUGLAR	21
PATTEDYR	34
BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	37
SKOGBRUK	37
JORDBRUK	37
FRILUFTSLIV OG FERDSEL	38
JAKT	38
ULOVLEG JAKT/ETTERSTREBING	38
BUSTADAR OG INDUSTRI	38
VEGAR	39
VASSDRAGSREGULERING	39
KRAFTLEIDNINGAR	39
AVFALL	39
OPPDRETTSANLEGG	40
INFORMANTAR	41
LITTERATUR	42
VEDLEGG 1. ARTSLISTE	45
VEDLEGG 2. KART	53

INNLEIING

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadfelt, industriområde og andre naturinngrep utgjør eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønske om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ønske at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einsidig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jmf. viltlova § 2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkveggar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslir med gammal skog, eldre ospesholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbare artar står sjølvstykke og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltinga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteresse-*

ne skal innpassast i den oversiktle planlegginga i kommune og fylke. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset òg at *vedkommande myndigheit på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorgana.*

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast. Det er òg rom innanfor PBL å regulere visse område til naturvernområde.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltnings-samanheng.
- *Naturvernlova.* Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal foregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.

- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse måla.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning.

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar

er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at me sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

- *Økonomiske- og materielle argument:* Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt idag, kan andre artar enn dei vi no utnyttar få stor betydning for oss i framtida.

Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskete eigenskapar følgjer dei ønskete eigenskapane. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere naudsynt som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

- *Kulturelle- og estetiske argument:* Storviltjakt kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange (fotografering, ornitologi, botanikk, bærplukking, mosjon osv.), er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.
- *Etiske- og moralske argument:* Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Me har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområdet sitt. Leveområdet skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngeplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønssehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

Desse momenta gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Ein har difor vore nøydd til å gjere eit utval. Utvalet er gjort ut frå kunnskap om dei ulike viltartane sin biologi og førekomst i kombinasjon med praktiske omsyn. Enkelte område er relativt enkle å avgrense, som t.d. viktige våtmarksområde, faste hekkplassar og spelplassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing må bli skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering (blandt dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønssehauk, storfugl, kvitryggspett).

Viltkartverket er samansett av tre kart:

1) Kartet inneheld område for *småvilt og viktige trekkvegar for hjort*. I Bømlo har ein ikkje kartfesta viktige vinterbeiteområde for hjort, fordi ein reknar med at hjorten utnyttar det meste av naturarealet året rundt. Ei kartfesting av viktige vinterbeite er meir relevant i snørike kommunar i indre delar av fylket, der det kan tenkjast at tilgangen på vinterbeite er meir avgrensa. Når det gjeld avgrensing av viktige funksjonsområde for småvilt, dreier dette seg stort sett om fagleområde. Det kunne òg vore aktuelt å kartfeste særskilt viktige ynglelokalitetar for amfibiar, men det er ikkje registrert slike lokalitetar i Bømlo.

2) *Kartet med skjerma opplysningar (unntatt offentlig innsyn)* inneheld m.a. hekkplassar for rovfugl og spelplassar for storfugl. Desse opplysningane er unntatt offentlegheit fordi det kan tenkjast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Karta vil vere tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

3) *Prioriteringskartet* (vedlegg) er framstilt med grunnlag i dei tre andre karta og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Dette kartet vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar:

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomst og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrringar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Det er viktig å presisere at ein også i områda utanfor dei prioriterte viltområda, jamf. Viltlova, pliktar å ta normale omsyn til viltet!

Sjølv om eit område blir klassifisert som viktig- eller svært viktig viltområde, legg ikkje dette i seg sjølv restriksjonar på vanleg næringsverksmd som t.d. skogsdrift. Ein oppfordrar imidlertid den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn i slike område og rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi før eventuelle inngrep.

Vilt rapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ei skildring av dei viktigaste viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Mange av artsomtalanane dannar viktig bakgrunn

for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltkartverket er tilgjengeleg både i trykt- og digital form. Det komplette viltkartverket blir oppbevart av kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling. Hos Fylkesmannen blir opplysningane lagt inn i Naturbasen, ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon. Vilt-rapporten og kart over prioriterte viltområde bør elles gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte ein-skildpersonar.

Oppdatering og revisjon av viltkarta

Fordi ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet kan ikkje resultatet reknast som fullstendig. Det er fullt mogleg at enkelte område som burde ha blitt klassifisert som

prioriterte viltområde kan ha blitt oversett eller at enkelte prioriterte viltområde har fått for vid avgrensing. Gjennom revideringar, som inkluderer informasjon både frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein imidlertid at presisjonen i viltkartverket vil kunne forbetrast med tida.

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir anbefalt ein årlig gjennomgang av kartverket i samråd med Fylkesmannen for påføring av nye opplysningar eller korrigeringar. Det blir også anbefalt ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen.

Har du nye opplysningar eller forslag til justeringar? Meld gjerne frå til kommunen!
--

METODIKK FOR ARBEIDET I BØMLO

STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Rådman Sverre Olav Svarstad har vore prosjektansvarleg, og det er Bømlo kommune som har fastsett rammene for prosjektet. Avgrensing og vekting (verdivurdering) av viltområder har blitt utført av viltkartleggaren i samarbeid med Fylkesmannen.

Prosjektgruppe

Sverre Olav Svarstad
Prosjektansvarleg
Njål Gunnar Slettebø
Prosjektleder
Håkon Staveland
Prosjektmedlem
Berit Hallaråker
Prosjektmedlem
Stein Erik Lyslo
Prosjektmedlem
Magnus Johan Steinsvåg
Konsulent/ Viltkartleggjar

Referansegruppe

Harald Stautland
Leiar i Bømlo Naturbruksutval
Odd Hallaråker
Norsk Ornitologisk Forening, Sunnhordland lokallag
Kjell Ove Antonsen
Bømlo Jakt og Fiskelag
Sverre Leon Larsen
Bømlo Naturvernforening
Asbjørn Knudsen
Sunnhordland Botaniske Forening
Willy Sjøvoll
Bømlo Sau- og Geitavlslag
Endre Myhre
Bømlo Skogeigarlag
Oddvar Nesse
Bømlo Bonde- og Småbrukarlag

INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av konsulenten/viltkartleggjar. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved Fylkesmannen si miljøvernnavdeling
- Intervju med lokalpersonar med kunnskapar og interesser for viltet i kommunen
- Arkivmateriale og tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar

Viltrapporten er skreven av Magnus Johan Steinsvåg, med bidrag frå Olav Overvoll, frå fylkesmannens miljøvernnavdeling, på den generelle delen. Miljøvernnavdelinga har òg stått for layout og rapporturforming. Artslista er utarbeidd på grunnlag av generell kunnskap om fuglefau-naen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Mykje opplysningar er funne ved gjennomgang av "Krompen", Norsk Ornitologisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

KARTFRAMSTILLING

Som grunnlag for lokalisering og områdeavgrensing har ein brukt kart i målestokk 1:50 000. Framstilling av viltkarta er gjort ved Fylkesmannen si Miljøvernnavdeling, etter manuskart utarbeidd av konsulent/viltkartleggjar. Elles er den generelle metoden for kartframstilling nærmare skildra i DN-handbok 11 (DN 1996).

Kva prioritet eit viltområde har fått (svært viktig eller viktig) er gjort ut frå ei fagleg vurdering av kartfesta informasjon. Det er til ein viss grad òg brukt fagleg skjønn på grunnlag av kunnskap om ulike viltartar sin førekomst i kommunen og kva krav dei aktuelle artane set til leveområda sine.

NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFISK Plassering og AREALBRUK

Bømlo ligg heilt sørvest i Hordaland, ytst i innløpet til Hardangerfjorden. Nabokommunar er Sveio, Stord og Fitjar. Det totale arealet er på 240 km². Jordbruksarealet utgjer 12 911 daa medan arealet av produktiv skog er 50 000 daa. Rundt 12 750 daa av dette er kulturskog. Mykje av arealet i Bømlo er sjøareal.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Bømlo kan kanskje best skildrast som ein fragmentert kystlandskap. Høgaste punktet er Siggjo på 474 m.o.h og mesteparten av kommunen ligg under 60 m.o.h. Landskapsbiletet utgjer store kontrastar, ofte over små avstandar. På mange stadar er det nakne bergknauser og havet som dominerer, men større områder med kystfurskog er òg ein del av landskapsbiletet i kommunen. Ein kan grovt seie at ein i nordlege delar av kommunen finn i stor grad harde bergartar som granitt, medan ein i sør finn sedimentære og vulkanske bergartar som sandstein og skifer. Det fragmenterte landskapet med mange holmar og øyar, gjer at strandsona er ein viktig del av landskapsbiletet i Bømlo.

KLIMA

Klimaet i Bømlo er sterkt prega av at kommunen si plassering langt vest mot havet. Det sterkt havpåverka klimaet blir kalla oseanisk klima. Typisk for dette klimaet er milde vintrar og kjølege somrar, mykje nedbør og høg luftfuktigheit. Den høgaste middeltemperaturen i landet har ein faktisk på målestasjonen på Slåtterøy, heilt nord i Bømlo. Den gjennomsnittlege årstemperaturen er på mellom 8 og 6 °C, dei gjennomsnittlege januar-og juli temperaturane ligg på høvesvis 0-4 °C og 12-16 °C (Moen 1998).

VEGETASJON

Bømlo og store delar av Sunnhordland ligg i vegetasjonssona som vert kalla for Boreone-

moral sone. Dette er ei overgangssone mellom lauvskogområda i sør og dei større barskogområda i nordaust. Vegetasjonen i Bømlo er sterkt prega av det atlantiske miljøet. Her finn me artar som er lite tolerante overfor sterk vinterkulde. Døme på slike artar er krisstorn, og kusymre. Desse varmekjære artane finn ein ofte i sørhellingar med rik tilgang på vatn og næringsstoff. I områder med mindre tilgang på sol og næring er det oftast lyng og furu som kler landskapet. På søre Bømlo finn ein gode grunnforhold for kravfulle og varmekjære artar. Her finn ein plantesamfunn og artar som er sjeldan å sjå i ytre strøk på Vestlandet (Økland 1996). Eksempelsvis har ein funne den sjeldne bregna havburkne heilt på sørspissen av Bømlo. Den er særskild kravfull med tanke på vinter-temperatur og lever kun i sjøsprøytsone nokre få stadar i landet (Stavland 1990).

Det er furu som er det dominerande treslaget i kommunen. Heile austsida av Bømlo, frå Andal i sør til Rubbestadneset i nord, er dominert av furu. I fleire skogområder kan ein sjå furuskog med purpurlyng, noko som er ein sjeldan vegetasjonstype på landsbasis. Purpurlyngen er òg ein art som er tilknytt det varme kystklimaet. Omkring 5% av det produktive skogarealet i Bømlo er lauvskog. Bømlo ligg sør for den nordlege utbreiingsgrensa til alle lauvtre i Norge. Edellauvskog finn ein helst i sørlege og austlege delar av kommunen. Hassel er mest utbreidd, men det er òg innslag av ask, eik, lind og litt alm. Mange av planteartane ein finn i edellauvskog, har strenge krav til næringsrikt jordsmonn og varmt klima. Plantelivet elles er prega av nærleik til kysten og ein finn mange såkalla oseaniske artar på Bømlo. I mindre næringsrike område i kommunen kan ein òg finna typiske høg fjellartar. På Goddo kan ein til dømes sjå dvergbjørk medan ein kan plukka molter på Rogøy.

Dei mange holmane og øyane, med ein mosaikk av kystlynghei, kystfurskog og myrar, utgjer til saman eit klassisk kystlandskap.

SKILDRING AV VILTOMRÅDA I BØMLO

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 22 prioriterte viltområde i Bømlo kommune; 5 svært viktige og 18 viktige. I tillegg er det registrert 12 større og mindre trekkvegar for hjort. I det følgjande blir kvart enkelt viltområde gitt ein kort omtale. Nummera på dei ulike viltområda refererer til områdenummera på viltkartet (prioriteringskartet). Det òg avgrensa eit antal "registrerte viltområde". Desse vil ikkje bli nærmare omtala fordi dei ikkje blir rekna som viktige for viltet enn kommunen sitt øvrege areal.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 2. Rogøy-Sæverudsøy

Dette området består av sjøareal med holmar og skjer. Mindre areal er tilplanta med buskfuru, elles er landarealet prega av lynchhei. Området er eit viktig beiteområde for sjøfugl, spesielt vinterstid. Det er òg ein viktig del av leveområde for rovfuglar som hubro, hønehaug og havørn.

Område 6. Rutsøy-Totlandsjøen

Fragmentert kystlandskap med mange mindre skogkledde øyar, skjer og nes. Dei grunne sjøområda er viktig vinterbeiteområde for andefugl. I dei skogkledde områda finn ein òg storfugl og hønehaug. Det er òg enkelte mindre bestandar av store grove ospetre som er viktige for spettefugl. Det er m.a. observert kvitryggspett i området (M.J. Steinsvåg).

Område 7. Børøy-Ulvesøy

Børøy og Ulvesøy er to større, skogkledde øyar som har relativ lik vegetasjon og topografi. Furuskog dominerer, men ein finn òg mindre innslag av eik, rogn og osp. Det er bra innslag av død ved i desse skogområda. Det er registrert fleire større ospesholt på Børøy. Det går dessutan eit viktig hjortetrekk mellom Børøy-Ulvesøy og i retning Siggjo (Engjadalen). Det har vore ein del spreidd granplanting i området, men mykje av denne skogen har vokse seg til.

Område 8. Sagvatnet-Skogafjellet

Dette er eit område med store kvalitetar i vilt-samanheng og er det største, samanhengande skogområdet på Bømlo. Ein stor del utgjer eldre, grov furuskog på høg bonitet. Dette gjev gode tilhøve for artar tilknytt eldre suksesjonsstadium. Skogen har rikt lauvinnslag og mykje død ved. Det er registrert leikar og leveområde for storfugl i desse områda. Her finn ein òg fleire yngleområde for både havørn og hønehaug. For spettefuglar er spesielt Askedalen, Godalen og

Døsvikdalen rike på død ved og større ospetre. Det er registrert hekking av kvitryggspett, dvergspett, gråspett og grønspekk i disse dalane. Området er òg sannsynleg eit viktig vinterområde for hjort. Ein del av området er verna som naturreservat (barskogvern).

Område 12. Raudholmane-Låterøyområdet

Dette området er eit av dei viktigaste sjøfuglområda i heile Hordaland. Området består av mange øyar og skjer med relativ lite vegetasjon. Øyane er viktige yngleområde for sjøfugl generelt, og det er påvist hekking av m.a. ærfugl, grågås, teist, lunde, havhest, makrellterne, raudnebbterne, svartbak, gråmåse, fiskemåse og toppskarv. Dette er dessutan eit viktig myteområde for ærfugl. Fleire av øyane i området er verna som sjøfuglreservat.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 1. Brandasund

Store delar av området utgjer sjøareal. Det er òg mindre holmar og skjer heilt i sør. Området er eit viktig myteområde for ærfugl. I tillegg har holmane sør i området funksjon som hekkeområde for måsar og ternar. Viktigast blandt desse er Senjen som vart oppretta som sjøfuglreservat i 1987. Utgangspunkt for vernet var ein sildemåsekoloni på 28 par, samt gode førekomstar av gråmåse og svartbak. Førekomsten av måsar har variert noko. Generelt har bestanden av sildemåse gått noko ned, medan bestandane av gråmåse og svartbak har auka (Byrkjeland 1998). Det hekkar òg ein god del måsar på dei andre holmane, også ternar med overvekt av raudnebbterne.

Område 3. Hisøy-Rolvsnes

Hisøy er ei tilplanta øy. Buskfuru dominerer, men ein finn òg bøk, eik, alm, lind og or (Habbastad 1988). Kring Rolvsnes finn ein i hovudsak kystlynghei. I tillegg til hønehaug, har ein tidlegare registrert hubro i området. Innslaget av lauvtre på Hisøy gjev truleg eit godt grunnlag for fleire artar av sporvefugl.

Område 4. Baståsenområdet

Dette er eit skogområde dominert av furu. Enkelte stader finn ein eldre, grov furuskog med rikt innslag av død ved og lauvtre. Dette er habitat som spettefuglar trivest godt i og det er m.a. observert kvitryggspett ved Askåsheia (M.J. Steinsvåg). Ein finn òg klassiske gamalskogsartar som storfugl og hønehaug. Området er i stor grad påverka av skogbruks-

aktivitet, og det er på det gjenverande artealet av gammal naturskog ein finn dei beste tilhøva for viltet.

Område 5. Otterøya med Hestholmen

Sjøfuglreservat. Deler av reservatet på Otterøya består av kulturmark og lynchhei. Området er elles skoglaust. Viktig yngleområde for m.a. svartbak, gråmåse, fiskemåse og sildemåse (Byrkjeland 1999).

Område 9. Olvondo

Denne store øya har større, flate og grasgrodde parti. Det finst òg meir steinete og bratte område på denne lokaliteten (Byrkjeland 1999). Øya er verna som sjøfuglreservat. Reservatet er viktig yngleområde for svartbak, sildemåse, gråmåse og ternar. Det kringliggande havområdet er myteområde for ærfugl.

Område 10. Lyngøya-Lyngsøykalven

Relativt høg og stor holme rett vest for Grutle. Vegetasjonen ber preg av beiting av sau, og fleire parti er grasgrodde. Viktig yngleområde for blant anna svartbak, gråmåse og ærfugl. På Lyngsøykalven er det registrert ein stor raudnebbternekoloni på rundt 100 par (Byrkjeland 1999).

Område 11. Nordøyane-Holsøyane

Området utgjer mange mindre øyar, holmar og skjer, heilt sørvest i kommunen. Fleire av øyane har lite vegetasjon og er særskild eksponert for ver og vind. Øyane er viktige yngleområde for mange sjøfuglartar, det er m.a. registrert hekking av svartbak, gråmåse, fiskemåse, sildemåse, toppskarv, teist og grågås (Byrkjeland 1999). Dette er dessutan eit viktig myteområde for ærfugl. Fleire av holmane er verna som sjøfuglreservat.

Område 13. Storavatnet

Vatnet ligg ved Bremnes sentrum. Mange stadar finn ein mindre bestandar av takrøyr. Storavatnet er yngleområde for m.a. stokkand, toppand, krikand, kanadagås og sivsongar. Det blir òg brukt rasteområde og beiteområde for m.a. brunnakke. Relativt sjeldsynte artar som skeiand og taffeland er òg observert her.

Områda kring Meling og Hallaråker

Heile området med Mørkatjødnå i nord (v. Meling skule) til Krokavatnet og Sønstabø i sør, har store kvalitetar med tanke på fugl. Dette gjeld spesielt Hallarakerområdet med sitt varierte og småskala jordbrukslandskap, og innslag av beitemark og våtmark. Innanfor dette området har ein under viltkartlegginga fått kartfesta fleire mindre lokalitetar som er viktige for viltet. Det har vore område som er

viktige som raste plassar for trekkjande fuglar på haust og vårparten, men det har òg vore viktige hekkeområde for eit mangfald av artar. Spesielt artar tilknytt kulturlandskap trivest her. Det er m.a. registrert fleire artar av rikser, snipefuglar og andefuglar som er meir eller mindre avhengige av våtmarker og moderat utnyttja jordbruksområder.

Område 14. Mørkatjødnå

Dette er ei lita tjørn i nærleiken av den nye skulen på Meling. Tjørna er omgitt av takrøyr. Her har ein påvist hekking av sporvefulgar som sivsongar og sivsporv. Svartstrupe er registrert hekkande i nærleiken. Dette er òg rasteområde for andefugl som stokkand, brunnakke, toppand, kvinand, skeiand, og bergand. Det er elles gjort observasjonar av myrrikse og vannrikse på denne lokaliteten.

Område 15. Holetjørna

Lita, næringsrik tjørn ved Økland. M.a. hekkelokaltet for sivsongar.

Område 16. Melingsvatnet

Lite og grunt vatn med mudderbotn. Området kring er myr, beitemark og granplantefelt. Yngleområde for m.a. vipe, storspove, raudstilk, og fiskemåse. Rasteområde for vadarartar og andefugl. Registrerte artar er m.a. polarsnipe, gluttsnipe, strandsnipe, brushane, stokkand, toppand, skeiand og krikand.

Område 17. Meling

Lite område med myr/fuktmark og skog omgitt av jordbruksareal. Mogleg hekkeområde for myrrikse.

Område 18. Meling

Lite område med myr/fuktmark og skog omgitt av jordbruksareal. Mogleg hekkeområde for myrrikse.

Område 19. Raugavatnet (Hallaråker)

Det som tidlegare var vatn er no ei større myr. Sannsynleg yngleområde for både myrrikse og vannrikse. Det er konstatert hekking av våtmarksartar som sivsongar, sivsporv, storspove og enkeltbekkasin.

Område 20. Sønstabø

Lita våtmark i eit ellers relativt ope og skoglaust område. Yngleområde for m.a. sivsongar.

Område 21. Tjørn ved Mæland

Lita tjørn i jordbruksområdet på Mæland. Tjørna har mykje kantvegetasjon som fleire fugleartar trivest i. Ein har m.a. registrert hekking av sivsporv og sivsongar. Dette òg observert vannrikse her.

Område 22. Vatn ved Tormodsetre

Mindre vatn med kringliggjande myr og takrøyr. Hekkeområde for sivsongar og sivsporv. Det er òg registrert vannrikse ved vatnet.

VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT

1. Sagvatnet

Trekket går frå inst i Tjongspollen, over Kverneidet og nord for Sagvatnet.

2. Andal

Trekket går aust for Vedvikevatnet og vidare nordvest mot Sætre dalstjødna.

3. Vika

Kryssar vegen ved Løvegapet, går i retning av Gåsafjellet.

4. Gåsafjellet

Kryssar vegen ved Øykjadalen, går i retning Gåsafjellet.

5. Langevåg

Kryssar hovudvegen ved Eidesfjellet og går aust for Gåsavatnet.

6. Nautsundet ved Børøy

Trekket går rett sør for Børøykalmapien og over Nautsundet til Børøy.

7. Børøy-Ulvesøy

Trekk frå Børøy over til Ulvesøy og vidare opp mot Engjadalen.

8. Spissøya

Trekket går over Gassasundet til Spissøya og vidare til Nautøya og Føyno.

9 og 10 Erslandsvegen

Begge trekka kryssar vegen mellom Ersland og Ekornsetre.

11. Halleråkersundet

Trekkruta frå Hallaråkerfjella over Halleråkersundet til Ålforeneset.

12. Selsvatnet

Viktig trekkroute som bind saman beiteområde nord for Bremnes (kring Rolvsnes), og område kring Grimsfjellet. Trekket går aust for Selsvatnet, og over vegen mellom Robberstad og Stokkavatnet.

TRUA OG SÅRBARE ARTAR I BØMLO

GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følge av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytt til rovfuglar og då særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyr- gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange av Stillehavssøyane står mange bakkerugande fugleartar i ferd med å forsvinne som ei følge av introduksjon av katt og rotter (Austmo & Steinsvåg 2002). I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinneleg ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følge av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den

offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgjeve fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette er artar landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Bømlo. For enkelte tilfeldig førekomande artar er trugsmål ikkje nemnde.

Status i Noreg	Artar	Førekomst i Bømlo	Moglege lokale trugsmål
Direkte trua (E)	Åkerrikse	Konstatert hekking i 1994	• Moderne jordbruk (m.a. tidleg slått)
Sårbar (V)	Hønsehauk Jaktfalk Vandrefalk Lomvi Hubro Vendehals Kvitryggspett	Rundt 5-10 hekkande par Enkelte observasjonar (vinterstid) Mogleg hekkefugl Vintergjest Fåtalig hekkefugl Truleg fåtalig hekkefugl Fåtalig hekkefugl	• Redusert areal av gammal furuskog • - • Forstyrning på hekkeplass • Oljesøl, drukning i fiskegarn • Kraftliner • Reduksjon av beitemark og skogsbeite? • Reduksjon av gammalskog • Mangel på ståande død ved
Sjeldan (R)	Sangsvane Stjertand Skeiand Lappfiskand Myrhauk Kongeørn Fiskeørn Vannrikse Myrrikse Svarthalespove	Tilfeldig trekkgjest Sjeldan og sporadisk trekkgjest Sporadisk trekkgjest Sjeldan og sporadisk trekkgjest Fåtalige observasjonar ved trekk Observert ved trekk ut mot kysten Tilfeldig trekkgjest (tidlegare hekkefugl) Mogleg hekkefugl Sannsynleg hekkefugl Sjeldan trekkgjest	• - • Bortfall av grunne ferskvassområde • - • - • - • - • - • Jordbruk og redusert våtmarksareal • Jordbruk og redusert våtmarksareal • -
Omsynskrevjande (DC)	Smålom Storlom Sædgås Havørn Kvepsevåk Dobbeltbekkasin Lunde Gråspett Dvergspett	Enkelte observasjonar Mogleg hekkefugl Sjeldan trekkgjest Fåtalig hekkefugl, rundt fem reirområder er registrert Tilfeldig trekkgjest Fåtalige observasjonar Fåtalig hekkefugl Fåtalig hekkefugl Fåtalig hekkefugl	• Drukning i fiskegarn • Vassdragsregulering, drukning i fiskegarn • - • Redusert areal av gammal furuskog • Forstyrning på hekkeplass • - • - • Oljesøl og drukning i fiskegarn • Redusert areal av eldre lauv- og blandingskog • Mangel på død ved • Reduksjon av eldre lauvblandingskog • Mangel på død ved
Bør overvakast (DM)	Bergand Havelle Svartand Sjørre Teist Nattravn Piggsvin Skjeggflaggermus Dvergflaggermus Oter	Enkelte observasjonar, særleg vinterstid Vintergjest Vanlegast vinterstid, har òg myteområde ved Låterøy Vintergjest Fåtalig hekkefugl Mogleg hekkefugl Relativ vanleg Truleg fåtalig Truleg vanleg Observert, sjeldan	• Oljesøl og drukning i fiskegarn • Oljesøl og drukning i fiskegarn • Oljesøl og drukning i fiskegarn • Oljesøl og drukning i fiskegarn • Skogbruk og sprøytemidler • Påkøyrslar • Uvisst • Uvisst • Drenering og fylling av bekkar • Drukning i fiskegarn

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Bømlo.


Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekomst i Bømlo
Hekkebestand	Havørn	45	Rundt 5 hekkande par
	Jaktfalk	38	Sporadiske observasjonar ved trekk mot kysten
	Myrsnipe	55	Trekkgjest
	Lappspove	45	Sjeldan trekkgjest
	Raudstilk	35	Relativ vanleg hekkefugl
	Svartbak	31	Vanleg hekkefugl
	Krykkje	40	Fåtalig hekkefugl
	Lunde	33	Fåtalig hekkefugl
	Skjærpiplerke	88	Fåtalig hekkefugl
	Bergirisk	59	Vanleg hekkefugl
Vinterbestand	Islom	25	Fåtalig vintergjest
	Gulnebbblom	90	Fåtalig vintergjest
	Storskarv	30	Trekk og vintergjest
	Toppskarv	25	Relativ fåtalig hekkefugl
	Siland	30	Relativ vanleg hekkefugl
	Fjøreplytt	60	Trekkgjest
Heile året	Oter	Minst 25	Observert, sjeldan

STATUS FOR VILTET I BØMLO

AMFIBIUM

Padde *Bufo bufo*

Vangleg art i Bømlo. Kan sjåast talrikt under kryssing av enkelte vegstrekingar som t.d. Erslandsvegen.



KRYPDYR

Firfisle *Lacerta vivipara*

Truleg relativ fåtalig art. Vert oftast observert på varme sommardagar.

Ståloorm *Anguis fragilis*

Relativ vanleg art i Bømlo. Vert på lokalt kalla "sleva". Spreidde observasjonar finst over heile kommunen.

Hoggorm *Vipera berus*

Vanleg art i det meste av kommunen.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Bømlo er det registrert 224 fugleartar. Av desse er rundt 120 registrerte som hekkefuglar. Samanlikna med kommunar i indre stork (t.d. Ulvik herad, der det er observert ca. 170 artar - Overvoll og Wiers 2002), er dette høge tal. Bømlo si geografiske plassering ved kysten er gunstig med tanke på trekkande fuglar. Mange artar rastar i visse delar av kommunen eller vert observert på trekk eller streif ute i havgapet. Kommunen har òg mange og varierte naturtypar som gjev rom for eit stort mangfald også når det gjeld fugl. Det er i hovudsak hobbyornitologar som har bidratt til at fuglefaunaen i store delar av kommunen har blitt betre kjent.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og

observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomité), og det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt fagtidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor kun artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtalta og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanhetiskommiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålo *Gavia stellata*

Omsynskrevjande (DC)

Kun enkelte observasjonar av arten på trekk. Er m.a. observert på Sønstabø 12/11-1995 (K. Bergtun). Fem individ vart observert trekkjande sørover ved Gissøy 18/9-1999 (J. Kjerandsen).

Storlo *G. arctica*

Omsynskrevjande (DC)

Eit par har halde til ved Hollandsvatnet ved Rolvsnes. Det er mogleg at dei har hekka der. Elles er arten m.a. observert ved Gissøy 18/9-1999 (Falkenberg 2000).

Islom *Gavia immer*

Ansvarsart vinterbestand

Islom vert observert år om anna på trekk. M.a. ved Gissøy 18/9-1999 (Falkenberg 2000).

Gulneblom *Gavia adamsii*

Ansv. vinterbestand

Dette er òg ein art ein kan vere heldig å sjå på trekk. Den overvintrar sjeldan i Bømlo, men har m.a. blitt observert trekkjande ved Gissøy

18/9-1999 og på Sønstabø 29/5-1999 (Falkenberg 2000).

DYKKARAR

Dvergdykkar *Tachybaptus ruficollis*

Har blitt observert nokre få gonger i Bømlø. På hausten og vinterstid har enkelte individ blitt observert i Storavatnet (Mjøs & Frantzen 1996) og Melingsvågen (Mjøs & Frantzen 1997). Dvergdykkaren held seg ofte i nærleiken av hekkestaden også om vinteren, men det har ikkje blitt konstatert hekking i Bømlø.

Toppdykkar *Podiceps cristatus*

Toppdykkar er ein art ein sjeldan ser i Hordaland. Eitt individ er m.a. observert ved Gissøy den 18/9-1999 (Falkenberg 2000).

Gråstrupedykkar *Podiceps grisegena*

Det har vore fleire observasjonar av gråstrupedykkar på hausten og vinterstid og arten må reknast som nestan årvisst. Den er m.a. observert på Hiskjo 16/12-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Horndykkar *Podiceps auritus*

Berre nokre få individ har blitt observert (Bergtun 1996). Næraste påviste hekking er i Sveio (Fjeldså 1994).

STORMFUGLAR

Havhest *Fulmarus glacialis*

Første hekkefunn av havhest i Hordaland vart gjort på Låterøy heilt sør i Bømlafjorden sommaren 1999 (Falkenberg 2001). Det vart òg konstatert hekking sommaren 2000. Tidlegare har det vore indikasjonar på hekking same stad i 1992 og 1997 (Byrkjeland 1999).

Havlire *Puffinus puffinus*

Kun nokre få enkeltobservasjonar, m.a. ved Hiskjo 16/5-1982 (LRSK-arkiv).

Middelhavslire *Puffinus yelkouan*

Eitt individ vart skutt på Espevær i 1903. Det er det einaste funnet av arten i Hordaland, og det andre funnet i Noreg (Falkenberg 1999).

Havsvale *Hydrobates pelagicus*

Er m.a. observert 3/11-65 på Hiskjo (LRSK-arkiv). Arten blir sjeldan observert fordi den lever mesteparten av livet langt til havs og kjem berre til land for å hekke. Ved land er havsvala dessutan nesten utelukkande nattaktiv. På grunnlag av observasjonar og ringmerkningsverksemd m.a. i Fjell og Øygarden

kommunar må ein rekne med at Havsvala førekjem årvisst på næringssøk i farvatna utanfor Bømlø. Det kan heller ikkje utelukkast at arten hekkar fåtalig på dei ytste, graskledde øyane.

PELIKANFUGLAR

Havsule *Sula bassana*

Blir observert nokså regelmessig på nærings-søk, særleg om hausten (Bergtun 1996).

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**
Vanleg vintergjest. Over 350 trekkjande individ vart observert ved Gissøy 18/9-1999 (J. Kjerandsen).

Toppskarv *P. aristotelis* **Ansv. vinterbestand**
Relativt vanleg hekkefugl på Sørøyane, ellers fåtalig (Byrkjeland 1999). Den største hekkeførekomsten av toppskarv i Hordaland finn me på Lyngsøy.



STORKEFUGLAR

Egretthege *Egretta alba*

Observert tre gonger på Bømlø, m.a. eit individ ved Bremnes i perioden 9-19/4-1999. I juli same år vart eitt individ observert ved Storavatnet. Det er uvisst om det dreier seg om to forskjellige individ (Falkenberg 1999).

Gråhege *Ardea cinerea*

Relativ vanleg hekkefugl. Ein har fått registrert fleire hekkekoloniar av gråhege under viltkartlegginga.

ANDEFUGLAR

Knoppsvane *Cygnus olor*

Fåtalig og tilfeldig gjest. M.a. 3 individ ved Fylkesnes i perioden 27-31/5-1988 (O. Hallar-

åker). Det har elles vore enkelte observasjonar av knoppsvane i Storavatnet, blant anna 13/4-1999 (Falkenberg 2000).


Sangsvane *Cygnus cygnus* **Sjeldan (R)**
Fåtalig, men regelmessig trekk- og vintergjest. Arten vert observert på Storavatnet nærast kvart år (Økland & Katla 1996).

Sædgås *Anser fabialis* **Omsynskrevjande (DC)**
Sædgås har kun blitt observert enkelte gongar i Bømlø. Tre individ vart til dømes observert på Sønstabø i perioden 17-18/12-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*
Blir stundom observert på trekk. Har m.a. blitt observert på trekk nordover ved Blåmulen 24/4-2000 (J. Kjerandsen). Eit individ vart og sett på Nordtun 14/2-1996 (Mjøs & Frantzen 1997).

Tundragås *Anser albifrons*
Vert ein sjeldan gong observert på trekk (Bergtun 1996). Eitt individ vart observert på Hallaråker 30/10-1993 (LRSK-arkiv).

Grågås *Anser anser*
Fåtalig hekkfugl fleire stader i kommunen. Ved enkelte høve har ein registrert hekking i sjøfuglreservat. Dei mange gåseplogane ein ser om hausten dreier seg i første rekkje om grågås.



Kanadagås *Branta canadensis*
Fåtalig hekkfugl. Kanadagåsa er ein introdusert art som opprinneleg høyrer heime i Nord-Amerika. På Bømlø vart arten sett ut i 1972. Desse individ stamma frå Sverige (Jacobsen 1996). Hekking er registrert m.a. ved Erslandsvatnet og Lyklingsvatnet.

Kvitkinngås *Branta leucopsis*
Trekkgjest. Enkelte individ kan overvintre langs norskekysten, men dette er ikkje vanleg. To individ vart observert på Nordtun 8/2-1996 (Mjøs & Frantzen 1997).

Ringgås *Branta bernicla*
Trekkgjest. M.a. vart 36 individ observert ved Gissøy 18/9-1999 (J. Kjerandsen).

Gravand *Tadorna tadorna*
Vert observert år om anna (Bergtun 1996). Hekking er ikkje konstatert.

Brunnakke *Anas penelope*
Sannsynleg fåtalig hekkfugl. Trekkjer normalt til Storbritannia og kontinentet, men kan òg overvintre. M.a. vart eit individ observert i Storavatnet 17/12-1999 (L. Økland).

Krikkand *Anas crecca*
Relativ vanleg hekkfugl. Ein finn arten oftast i grunne næringsrike vatn.

Amerikakrikkand *Anas carolinensis*
Kun ein observasjon har blitt gjort i Bømlø: på Hiskjø 27/5-1995 (LRSK-arkiv).

Stokkand *Anas platyrhynchos*
Ein av dei vanlegaste andefuglane me har i Bømlø. Trivst godt i grunne vatn og tjørn.

Stjertand *Anas acuta* **Sjeldan (R)**
Sjeldan trekkgjest (Bergtun 1996).

Knekkand *Anas querquedula*
Eit par i kurtise vart sett i Melingsvatnet i perioden 2-5/6-2000 (Falkenberg 2001).

Skeiand *Anas clypeata* **Sjeldan (R)**
Vert år om anna observert i Storavatnet. Eit individ vart observert på Melingsvatnet 19/9-1995 (Mjøs og Frantzen 1996).

Rødhodeand *Netta rufina*
1 individ observert ved Rotatjødnø i nærleiken av Bremnes i perioden 17-23/9-1997 (Falkenberg 2000). Dette er den einaste observasjonen av denne arten i Hordaland. Det er sannsynleg at funnet dreier seg om ein rømt fangeskapsfugl.

Taffeland *Aythya ferina*
Sjeldan og tilfeldig gjest. M.a. Ein hannfugl på Melingsvatnet 26/5-2000 (L. Økland) og ein hann på Storavatnet 16/6-1995 (Mjøs & Frantzen 1996). Observerte fuglar dreier seg i stor grad om trekkjande individ.

Toppand *Aythya fuligula*
Fåtalig hekkfugl i grunne vatn, det vart m.a. registrert fleire hekkande par i Storavatnet sommaren 1990 (O. Hallaråker). Arten kan òg overvintre langs kysten.

Bergand *Aythya marila* **Bør overvakast (DM)**
Fåtalig vintergjest. Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på store botnlevande krepsdyr som skjoldkreps og marflo. Hekkeførekomen i Hordaland er knytt til Hardangervidda. På hausten trekker den mot kysten. Det har berre vore nokre få observasjonar av arten i Bømlo. M.a. vart fire individ observert på Svortland 21/1-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Ærfugl *Somateria mollissima*
Føre kjem vanleg heile året. Låtesrøyområdet heilt sørvest i Bømlo er blant dei viktigaste hekkeområda for ærfugl i Hordaland. Vestsida av Bømlo er det viktigaste myteområdet for ærfugl på heile Vestlandskysten. Tradisjonelt har Sørøyane og Holsøyane/Nordøyane vore det viktigaste området, men dei aller siste åra har ærfuglen òg teke til å nytte område lenger nord i kommunen for myting. Den samla mytebestanden i Bømlo var i 2002 på om lag 9200 individ, eller vel halvparten av bestanden i Hordaland, og den er for tida i framgang (Stein Byrkjeland). Også vinterstid er vestsida av Bømlo viktig for ærfuglen.

Praktærfugl *Somateria spectabilis*
Er ein sjeldan fugl å sjå i Hordaland, men ein hann vart observert saman med ein større flokk med ærfugl ved Klubbholmluene 13/12-1999 (Falkenberg 2000).

Havelle *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**
Ganske vanleg vintergjest. Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på store botnlevande krepsdyr som skjoldkreps og marflo. Hekkeførekomen i Hordaland er knytt til Hardangervidda, men er svært sparsom. Overvintrar langs kysten og sjåast regelmessig i mindre flokkar i skjergården i Bømlo.

Svartand *Melanitta nigra* **Bør overvakast (DM)**
Ganske vanleg vintergjest. Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på store botnlevande krepsdyr som skjoldkreps og marflo. Hekkeførekomen i Hordaland er knytt til Hardangervidda. Overvintrar langs kysten. Over 200 mytande individ er registrert ved Låterøy, og ca. 40 individ ved Sørøyane og Nordøyane på seinsommaren (Falkenberg 1999).

Sjørre *Melanitta fusca* **Bør overvakast (DM)**
Ganske vanleg vintergjest. Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på store botnlevande krepsdyr som skjoldkreps og marflo. Hekkeførekomen i Hordaland er knytt til Hardangervidda. Overvintrar langs kysten.

Kvinand *Bucephala clangula*
Regelmessig observert utanom hekketida, spesielt vinterstid. Kan sjåast både på sjøen og i ferskvatn.

Lappfiskand *Mergus albellus* **Sjeldan (R)**
Arten vert sjeldan observert i Bømlo (Bergtun 1996). Observerte individ er oftast fugl som overvintrar på Sørvestlandet. M.a. 4 individ ved Hiskjo 12/2-1996 (LRSK-arkiv).

Siland *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**
Relativ vanleg hekkefugl som trivst godt i skjergården (Bergtun 1996). Ein kan òg sjå siland vinterstid i Bømlo.

Laksand *Mergus merganser*
Hekkar for det meste i indre delar av landet. På Vestlandet kan ein oftast sjå arten på vinteren. M.a. 12 individ ved Hiskjo 26/2-1994 (K. Bergtun).

ROVUGLAR

Kvepsevåk *Pernis apivorus* **Omsynskrevjande (DC)**
Eitt individ vart observert ved Hiskjo 19/9-2000 (Falkenberg 2001).

Havørn *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)**
Ansvarsart hekkebestand
Det er registrert rundt 5 hekkeområde i Bømlo. Arten vert oftast sett om hausten og vinteren, då den er meir tilknytt hekkestadene på vårparten og sommaren. Hekkande havørn i Bømlo har fleire gonger måtta avbryte hekking, truleg på grunn av menneskelege ferdsel nær hekkestaden. Ein bør unngå ferdsel i nærleiken av rovfuglreir på vår- og forsommaren.



Myrhauk *Circus cyaneus* **Sjeldan (R)**
To observasjonar føreligg, begge på Meling:
Eit individ 9/11-1991 (Chapman 1992) og eit
individ 22/8-1999 (Falkenberg 2000).

Hønsehauk *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**
Hønsehauken er tradisjonelt tilknytt større,
samanhengande område med gammal furu-
skog. Men, undersøkingar på Bømlo har synt
at den òg kan hekke i område med yngre skog
av mindre utstrekning. Det er sannsynlegvis
rundt 5-10 hekkande par på Bømlo (Steinsvåg
2002). Tilknytninga til eldre furuskog, gjer høn-
sehauken utsett i forhold til skogsdrift.

Sporvehauk *Accipiter nisus*
Sporvehauken er kanskje den vanlegaste rov-
fuglen i Bømlo, men få hekkeplassar er kjent. I
motsetning til hønsehauken hekkar sporve-
hauken gjerne i granplantefelt.

Musvåk *Buteo buteo*
Trekkgjest. 1 individ vart sett ved Hiskjo 6/10-
2001 (Falkenberg 2002).

Fjellvåk *Buteo lagopus*
Enkeltindivid sjåast ganske ofte i trekk tidene.

Kongeørn *Aquila chrysaetos* **Sjeldan (R)**
Tilfeldig streifgjest. M.a. eitt individ ved
Urangsvåg 22/4-1999 (J. K. Ness).

Fiskeørn *Pandion haliaetus*
Sjeldan trekk- og streifgjest. Sist observert på
Langevåg 2/10-2001 (Falkenberg 2002). I
1885 vart det registrert eit hekkande par i
Bømlo kommune (LRSK-arkiv).

Tårnfalk *Falco tinnunculus*
Fåtalig hekkefugl. Trekkjer til Vest-Europa
vinterstid og blir relativt ofte observert på Bøm-
lo i trekk tid om hausten. Heile 22 individ vart
observert trekkjande ved Langevåg 19/9-2000
(J. Kjerandsen).

Dvergfalk *Falco columbarius*
Truleg fåtalig hekkefugl (1-2 par?). Trekkfugl,
men overvintring førekjem. M.a. vart eitt individ
observert ved Espevær 24/11-1990 (P. Mallin-
son).

Jaktfalk *Falco rusticolus* **Sårbar (V)**
Ansvarsart hekkebestand
Hekkar i fjellheimen i innlandet, men ungfuglar
sjåast årvisst langs kysten i vinterhalvåret.

Vandrefalk *Falco peregrinus* **Sårbar (V)**
Vert observert meir eller mindre regelmessig
på trekk. Er òg sett sommarstid, men det føre-
ligg ikkje indikasjonar på hekking.

HØNSEFUGLAR


Orrfugl *Tetrao tetrix*
Relativ vanleg hekkefugl. Fleire stader i Bømlo
er det meldt om redusert bestand, noko som
mest sannsynleg skuldast naturleg attgroing av
lyngheiområda.

Storfugl *Tetrao urogallus*
Fåtalig hekkefugl tilknytt større samanhangen-
de område med eldre furuskog med innslag av
myrar. Det er registrert fire aktive tiurleikar i
kommunen. Arten vert i stor grad påverka av
skogbruket ved drenering av myrar som er
viktige oppvektsområde for kyllingar, og hogst
av eldre furuskog.

Fasan *Phasianus colchicus*
Kun enkelte observasjonar. Eitt individ obser-
vert i Hollundsdalen 25/11-1995 (Mjøs & Frant-
zen 1996). Dette individet er truleg sett ut lokalt
i jaktøyemed. (NB! Det er i utgangspunktet
ulovleg å sette ut viltartar som ikkje førekjem i
distriktet frå før, jmf. Viltlova § 47).

TRANEFUGLAR

Vannrikse *Rallus aquaticus* **Sjeldan (R)**
Mogleg fåtalig hekkefugl. Arten har blitt jamleg
observert på Hallaråker dei siste åra (Odd
Hallaråker pers. medd). Eit individ vart òg ob-
servert på Rubbestadneset 13/11-1995 (Mjøs
& Frantzen 1996). Ein del individ overvintrar
ved vatn og bekke drag langs vestlandskysten.



Myrrikse *Porzana porzana* **Sjeldan (R)**
Sannsynleg hekkefugl i Bømlo. Det har m.a.
vore registrert sangaktivitet i områda kring
Melingsvatnet sommaren 2002 (O. Hallaråker
pers. medd.) Eit syngande individ vart òg re-
gistrert på Moster 15/5-1999 (Falkenberg
2000).

Åkerrikse *Crex crex*

Direkte truga (E)

Var tidlegare ein relativt vanleg art i kulturlandskapet. Etter innføring av maskinell slått har arten forsvunne som regelmessig hekkefugl. I nyare tid er det registrert hekking på Nordtun i 1994 (Hallaråker 1996a), og her har det òg vore nokså regelmessige observasjonar av arten dei siste åra.

Sivhøne *Gallinula chloropus*

Observert vinterstid ved fleire høve, m.a. ved Storavatnet 2/12-1999 (L. Økland), og 2/3-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Sothøne *Fulica atra*

Først og fremst vintergjest, mest sporadisk. M.a. observert ved Storavatnet 19/12-98 (O. Hallaråker), og 14/1-1995 ved Øklandsvatnet (Mjøs & Frantzen 1996).

Trane *Grus grus*


Bør overvakast (DM)

Kan ein sjeldan gong observerast på trekk (Bergtun 1996). Arten hekkar normalt på myrar i høgareliggande barskog i indre delar av landet. I Hordaland har 1-2 par hekka i lågareliggande delar av Hardangervidda.

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Vanleg hekkefugl i strandsona. Tjelden er trekkfugl, men det har òg vore vinterobservasjonar av arten, blant anna i Svinosen 21-24/1-1999 (Falkenberg 2000).

**Sandlo** *Charadrius hiaticula*

Årviss trekkgjest. M.a. 282 sørtrekkande individ ved Hiskjo 20/8-2001 (Falkenberg 2002).

Boltit *Charadrius morinellus*

Arten hekkar til vanleg i fjellområde, blant anna på Hardangervidda. I Bømlo vert arten ein sjeldan gong observert på trekk, m.a. eit individ 11/9-1985 Nordtun (O. Hallaråker).

Heilo *Pluvialis apricaria*

Vanleg art å sjå på trekk vår og haust. Nyttar blant anna rasteplassar i områda kring Hallaråker (Odd Hallaråker pers. medd.).

Tundralo *Pluvialis squatarola*

Årviss trekkgjest. M.a. observert på Hiskjo 18/7-1999 (L. Økland).

Vipe *Vanellus vanellus*

Relativt vanleg hekkefugl i landbruksområde. Det er òg gjort vinterobservasjonar av arten på m.a. Gåsland 26/1-1999 (L. Økland). 6 individ vart òg observert på Sønstabø 6/1-1996 (Mjøs & Frantzen 1996).

Polarsnipe *Calidris canutus*

Årviss trekkgjest. M.a. 162 sørtrekkande individ ved Hiskjo 20/8-2001 (JKJ).

Sandløpar *Calidris alba*

Fåtalig trekkgjest, men truleg årviss. M.a. 10 sørtrekkande 29/8-2001 (Falkenberg 2002).

Dvergsnipe *Calidris minuta*

Trekkgjest, truleg årviss. M.a. 4 individ ved Melingsvatnet 18/7-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Temmincksnipe *Calidris temminckii*

Sjeldan trekkgjest. Eitt individ observert på Lyngsøy 18/8-1999 (S. Byrjeland).

Tundrasnipe *Calidris ferruginea*

Truleg årviss trekkgjest, men få observasjonar frå Bømlo (Bergtun 1996). M.a. eit individ ved Melingsvatnet 22/8-1994 (K. Bergtun).

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Relativ vanleg vintergjest. Over 80 individ vart observert ved Langevåg 2/3-1999 (P. Mallinson).

Myrsnipe *Calidris alpina*

Ganske vanleg trekkgjest. M.a. 356 sørtrekkjande ved Hiskjo 20/8-2001 (Falkenberg 2002). Det er òg gjort vinterobservasjonar av arten, m.a. i Notlandsvågen 26/12-1999 (R. Olsen).

Brushane *Philomachus pugnax*

Trekkgjest (Bergtun 1996). M.a. 20 individ 5/9-1993 (O. Hallaråker).

Kvartbekkasin *Lymnocyptes minimus*

Kun enkelte observasjonar av kvartbekkasin i Bømlo (Bergtun 1996). Vintergjest. Eit individ observert på Melingsheiane 6/1-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Enkeltebekkasin *Gallinago gallinago*

Ganske vanleg hekkefugl i kulturlandskap og våtmark. Vert frå gammalt av kalla "mekregauk". Det er òg registrert overvintrande individ (Falkenberg 2001).

Dobbeltbekkasin *Gallinago media*

Sjeldan trekkgjest som i Hordaland kun er funne hekkande på Hardangervidda. 1 individ observert ved Hiskjo 7/10-2001 (Falkenberg 2002).

Rugde *Scolopax rusticola*

Vanleg hekkefugl, trivest godt i fuktig blandingsskog. "Rugdetrekket", der hannfuglane flyg over territoriet sit kvar morgon og kveld, kan ein oppleve over store delar av Bømlo om våren/sommaren. Vert òg jamleg observert vinterstid.

Svarthalespove *Limosa limosa* **Sjeldan (R)**

Sjeldan trekkgjest. Eit individ ved Meling 5/5-1989 (O. Hallaråker) og tre individ ved Nordtun 20/5-1999 (Falkenberg 2000).

Lappspove *Limosa lapponica*

Ganske sjeldan trekkgjest. Kun enkelte observasjonar (Bergtun 1996). Viktigaste hekkeområda i Noreg ligg i Finnmark.

Småspove *Numenius phaeopus*

Kan observerast fåtalig på trekk, spesielt på vårparten (Bergtun 1996).

Storspove *Numenius arquata*

Fåtalig hekkefugl (Løfaldli 1994). Arten er tilknytt kulturlandskapet, ofte i samband med ope åkerlandskap og lyngheiar. Område som utmerkar seg på Bømlo er Hallaråkerområdet, Totland og Vorland.

**Sotsnipe** *Tringa erythropus*

Ganske sjeldan trekkgjest. M.a. 1 sørtrekkande ved Hiskjo 19/8-2001 (Falkenberg 2001).

Raudstilk *Tringa totanus*

Ganska vanleg hekkefugl ved våtmarksområde. Lett å kjenne att på grunn av karakteristisk låt.

Gluttsnipe *Tringa nebularia*

Årvisst trekkgjest, men relativt fåtalig. På Sønstabø vart 9 individ observert 1/8-2000 (Falkenberg 2001).

Skogsnipe *Tringa ochropus*

Fåtalig trekkgjest. 1-2 individ vart observert på Lyngsøy 18/8-1999 (S. Byrkjeland).

Grønstilk *Tringa glareola*

Trekkgjest. Kun enkelte observasjonar av arten i Bømlo (Bergtun 1996).

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*

Ein av dei mest talrike hekkande vadefuglane i Bømlo. Arten er vanleg i strandsona ved sjøen og større vatn.

Steinvendar *Arenaria interpres*

Truleg fåtalig hekkefugl. Sjåast nokså regelmessig på trekk.

Polarsymjesnipe *Phalaropus fulicarius*

Eit individ rasta ved Hågardsholmane 8/10-2002 (Roy Hovland, Jostein Kjærandsen). Dette er det femte funnet av denne arten i Hordaland.

Funnet er i skrivande stund ikkje behandla av NSKF, men er godt dokumentert.

JOAR, MÅSAR OG TERNER**Polarjo** *Stercorarius pomarinus*

Kan ein sjeldan gong observerast på trekk om våren og hausten (Odd Hallaråker pers. medd). Polarjoen har ein sporadisk opptreden i Hordaland i trekk tidene og om vinteren.

Tjuvjo *Stercorarius parasiticus*

Konstatert hekkande på Storneset (Odd Hallaråker). Bestanden i Sør-Noreg har gått kraftig tilbake frå slutten av 1970-talet, truleg som følge av redusert næringstilgang (Vader 1994).

Fjelljo *Stercorarius longicaudus*

Sjeldan og tilfeldig trekkgjest (Bergtun 1996). Hekkar på høgjellet og er i Hordaland kun registrert hekkande på Hardangervidda.

Storjo *Stercorarius skua*

Fåtalig trekk-/streifgjest. Er mellom anna observert ved Sørøyane 12/8-1999 (S. Byrkjeland) og på Sønstabø 22/7-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Hettemåse *Larus ridibundus*

Kan oftast sjåast på trekk om våren. M.a. vart 8 individ på Sønstabø 16/7-1988 (O. Hallaråker).

Fiskemåse *Larus canus*

Vanleg hekkefugl. Hekkar i koloniar fleire stadar i kommunen, blant anna på Otterøy, ved Melingsvatnet og Hollund.

Sildemåse *Larus fuscus*

Relativt vanleg hekkefugl i heile Bømlo, men den minst talrike av dei vanlege måseartane. Sildemåsen finn me oftast lengst ute i skjergarden. Hekkar i koloniar, ofte saman med gråmåse og fiskemåse. Det vart m.a. registrert 250 par på Sørøyane under sjøfuglundarsøkingar 1999 (S. Byrkjeland m.fl.).

Gråmåse *Larus argentatus*

Vanleg hekkefugl i Bømlo som elles langs kysten.

Grønlandsmåse *Larus glaucoideus*

Vert år om anna observert i Hordaland vintertid. Arten er òg observert i Bømlo, m.a. på Sønstabø 1/1-1999 (Falkenberg 2000).

Polarmåse *Larus hyperboreus*

Arten hekkar på Svalbard og overvintrar for det meste i nordlege delar av landet. Vert ein sjeldan gong observert i Bømlo, m.a. ein sommarobservasjon 7/7-1999 på Melne (Falkenberg 2000).

Svartbak *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg hekkefugl. Arten kan hekke både i koloniar og enkeltvis.

**Krykkje** *Rissa tridactyla* **Ansvarsart hekkebestand**

Dei to einaste krykkekoloniane i Hordaland er registrert på Geitung og på Lykling. Begge er av relativt ny dato, men ingen av koloniane var i bruk i 2002. Det er kjent også frå andre stader at krykkja kan etablere mindre koloniar som forsvinn etter få år. Ei mogleg årsak kan vere endringar i næringstilgang.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Vanleg hekkefugl i skjergarden. Hekkar ofte i blandingskoloniar saman med raudnebbterne.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Vanleg hekkefugl i skjergardslandskapet. Hekkar ofte i blandingskoloniar saman med makrellterne.

ALKEFUGLAR**Lomvi** *Uria aalge***Sårbar (V)**

Fåtalig trekk- og vintergjest (Bergtun 1996).

Polarlomvi *Uria lomvia*

Sjeldan vintergjest. M.a. observert ved Espevær i 1988 og 1990 (Mjøs 1990).

Alke *Alca torda*

I 1951 hekka 4 par på Måksteinen ved Bremnes (Mjøs & Frantzen 1996). Arten førekjem elles fåtalig i vinterhalvåret.

Teist *Cephus grylle***Bør overvakast (DM)**

Fåtalig hekkefugl på øyar i skjergarden. Det er registrert hekking m.a. på Olvondo og i Låterøyområdet (Byrkjeland 1999). Bestanden i Sør-Noreg har vist ein kraftig tilbakegang gjennom fleire år, men nedgangen ser no ut til å ha flata ut. Sjølv om minken enkelte stader nok har vore ei medverkande årsak til bestandsnedgangen, er svikt i næringstilgangen er truleg den viktigaste årsaka.

Alkekonge *Alle alle*

Vert av og til observert vintertid. Eit individ vart m.a. sett 12/11-95 ved Sønstabø (Mjøs & Frantzen 1996). Arten hekkar på Svalbard.

Lunde *Fratercula arctica***Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig vintergjest. Konstatert hekkande på Låterøy i 1992, og tre individ vart sett på denne øya i 1999 (Byrkjeland 1999). I 1951 hekka det òg lunde på Måksteinen utanfor Sortland (Falkenberg 2000). Nyare hekkingar har ikkje blitt stadfesta.

DUER**Ringdue** *Columba palumbus*

Relativt vanleg hekkefugl. Trivst i skogområde tilknytt jordbruksareal. I hovudsak trekkfugl, men overvintring er relativt vanleg.

Tyrkerdue *Streptopelia decaocto*

Fåtalig hekkefugl (O. Hallaråker pers. medd.). Arten er tilknytt kulturmarksområde, og vert oftast observert nær hagar og tettstadar.

Turteldue *Streptopelia turtur*

Sjeldan trekkgjest. M.a. eit individ på Nesse 1/9-1999 (Falkenberg 2000).

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Relativt vanleg hekkefugl. Gauken er som kjent reirparasitt og heippiplerka er truleg den vanlegaste vertsarten på Bømlo.

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Sårbar (V)

Fåtalig hekkefugl. Arten har hatt ein tilbakegang store delar av Austlandet (Fremming 1986). Langs kysten av Vestlandet ser den ut til å klare seg relativt bra og er særleg tilknytt lyngeiområde med gode førekomstar av sjøfugl som måsar. Hubroen kan ofte nytte høggspennmaster som sitjepost under jakt og er utsett for elektrisk støyt ved letting og landing. Undersøkingar har synt at det er mange individ som dør som følgje av kraftlinjer (Fremming 1986). I Bømlo er det registrert 5 reiområde for hubro, men statusen for dei fleste av desse er usikker.

Haukugle *Surnia ulula*

Såkalla invasjonart som enkelte år kan opptre ganske vanleg på Vestlandet i samband med vandringar austfrå (Sibir) etter samanbrot i smågnagarbestanden. Har også vorte observert på Bømlo år om anna (Bergtun 1996). Hekkar normalt i høgareliggjande barskog i indre delar av landet.

Hornugle *Asio otus*

Sjeldan på Bømlo. Skal ha vore observert i følge (Bergtun 1996). Arten hekkar i barskogar tilknytt jordbruksområde.

Jordugle *Asio flammeus*

Sjeldan trekkgjest i Bømlo (Bergtun 1996). Jordugla er smågnagarspesialist, og hekkar i fjellet så vel som på øyar langs kysten.



Kattugle

Perlugle *Aegolius funereus*

Sjeldan. Skal ha vore observert i følge (Bergtun 1996). Kan som haukugla opptre invasjonarta. Hekkar i hovudsak i indre delar av landet sør og er først og fremst tilknytt eldre granskog.

Kattugle *Strix aluco*

Relativt fåtalig hekkefugl. Hekkar ofte i nærleiken av hus og vert ofte høyrte i nærmiljøet. Kattugla tar i hovudsak smågnagarar. Den kan òg observerast jaktande langs vegar, der den får god oversikt over potensielle byttedyr. Tar gjerne i bruk større fuglekassar.

NATTRAVNAR

Nattravn *Caprimulgus europaeus*

Bør overv. (DM)

Sjeldan trekkgjest. Kun to kjende observasjonar: Eit individ vart m.a. skote på Espevær 17/5-1927 (Haftorn 1971) og eit individ observert ved Myrkatjørn 1/6-1975 (Langhelle 1978, LRSK-arkiv).

Tårnseglar *Apus apus*

Fåtalig hekkefugl (Bergtun 1996). Hekkar vanlegvis i bygningar. Av konkrete observasjonar kan nemnast 20 individ på Goddo den 13/7-1988 (O. Hallaråker).

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sårbar (V)

Mogleg fåtalig hekkefugl. Dette er den einaste av spettefuglane som trekkjer sørover om vinteren. Arten har m.a. blitt observert i trekktida på Hiskjo 29/4-2000 (L. Økland).

Gråspett *Picus canus*

Omsynskrevjande (DC)

Kanskje den vanlegaste spettearten på Bømlo, men må likevel reknast som fåtalig. Hekkar så og seie utelukkande i osp (Gjerde & Sætersdal 1996) og er difor tilknytt område med tilgang på eldre osp. Utanfor hekketida kan gråspetten observerast på næringssøk etter maur og insekt på nesten vegetasjonslause øyar langs kysten. Då spettane vanlegvis lagar nye reirhol kvar år, er det mange andre fugleartar som nyttar gamle spettehol som reirplass (m.a. meiser og svartkvit flugesnappar). Førekomst av spettar kan difor vere positivt for slike såkalla sekundære holrugarar.

Grønspett *Picus viridis*

Fåtalig hekkefugl. Det er m.a. registrert eit hekkefunn i Godalen ved Grutle (Jostein Kjærandsen pers. medd.). Arten trivst i lysopne skogar med lav undervegetasjon. I slikt habitat

søker den i hovudsak etter maur på bakken. Grev ofte ut maurtuer på ein karakteristisk måte.

Flaggspett *Dendrocopos major*

Sannsynleg hekkfugl. Sjøast ganske ofte vinterstid og oppsøker gjerne fuglebrett. Flaggspetten er velkjent for å laga såkalla spettesmier. Han laga det ved å hakke ei sprekk i eit morkent dødt tre. I sprekkene festar han ei kongle og hakkar ut frøa. Ofte kan ein finne heile haugar av brukte kongler under spettesmia. Kan enkelte vintrar opptre invasjonarta.

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* **Sårbar (V)**

Fåtalig hekkfugl. Avhengig av større areal med gammalskog og god tilgang på ståande, død ved (Gjerde & Sætersdal 1996).

Dvergspett *Dendrocopos minor* **Omsynskr. (DC)**

Fåtalig hekkfugl. Arten er tilknytt naturskogar med god tilgang på død ved og der lauvtre ofte dominerer. Det er registrert eit hekkfunn i Bømlo. På lik linje med dei fleste andre spetteartane blir dvergspetten negativt påverka av intensiv skogbruksaktivitet over større areal.

Tretåspett *Picoides tridactylus*

Sjeldan trekk-/streifgjest. Det føreligg berre to observasjonar frå Bømlo: Eit individ i Døsvikdalen 9/12-1990 (Chapman 1992) og eit individ på Vorland 7/10-1993 (Pedersen 1995).

SPORVEFUGLAR

Sanglerke *Alauda arvensis*

Fåtalig hekkfugl (Bergtun 1996). Arten er tilknytt kulturmark med lav vegetasjon.

Sandsvale *Riparia riparia*

Sjeldan og sporadisk gjest i trekktidene (Bergtun 1996). Hekkar i sandtak med bratte, faste kantar. Er ikkje registrert hekkande på Bømlo.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Vanleg hekkfugl ved kulturlandskap. Hekkar ofte i naust og driftsbygningar.

Taksvale *Delichon urbica*

Fåtalig hekkfugl (Bergtun 1996). Taksvale hekkar ofte i koloniar oppunder taket på bygningar eller i bergveggar.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkfugl i skog.

Heipiplerke *Anthus pratensis*

Vanleg og talrik hekkfugl i lyngeiområde.

Skjærpiplerke

Anthus petrosus

Ansvarsart hekkebestand

Fåtalig hekkfugl i lynghei og område med lav vegetasjon nær strandlinja.

Gulerle *Motacilla flava thunbergii*

Sjeldan trekkgjest. M.a. eitt individ Hiskjo 28/4-2000 (L. Økland), og eit ved Melingsvatnet 18/9-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkfugl ved kulturlandskap og vassdrag over heile Bømlo. Underarten **svartryggerle** M.a. *yarrellii* er m.a. observert på Gåsland 2/4-1999 (Falkenberg 2001).



Sidensvans *Bombycilla garrulus*

Vert år om anna observert flokkvis i vinterhalvåret. Arten hekkar i normalt i austlege barskogar i Finland og Russland.

Fossefall *Cinclus cinclus*

Førrejem fåtalig i vinterhalvåret. Først og fremst ved rennande vatn.

Gjerdessmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkfugl i skog og kantvegetasjon. Overvintrar vanleg og kan ofte høyrast syngande også vinterstid. Vert lokalt kalla "Per smyggar".

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkfugl i skog og kantvegetasjon. Det er òg registrert vinterfunn.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*

Vanleg hekkfugl. Enkelte individ overvintrar og det er ikkje uvanleg å sjå raudstrupa på fuglebrettet om vinteren.

Blåstrupe *Luscinia svecica*

Fåtalig trekkgjest (Bergtun 1996). M.a. eit individ på Hallaråker 12/5-1988 (O. Hallaråker).

Sørnattergal *Luscinia megarhynchos*

Eit syngande individ vart registrert på Moster 27/4-1999 (Falkenberg 2000). Elles er dette ein sær seldan fugl i Hordaland og landet forøvrig.

Svartraudstjert *Phoenicurus ochruros*

Ein hann vart observert på Goddo 7/4-1996 (Mjøs & Frantzen 1997).

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Mogleg hekkfugl i område med eldre furuskog på skrin mark. Observert i trekkida på Hiskjo 15/9-1999 (L. Økland).

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Relativ vanleg hekkfugl i kulturlandskap og ved våtmarker.

Svartstrupe *Saxicola torquata*

Sporadisk hekkfugl. Rundt 10 hekkfunn i Hordaland. Eit hekkfunn på Bømlo: Ved Mørkatjødno i 18/5-1990 (Chapman 1993, Hallaråker 1996b).

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*


Stadvis relativ vanleg hekkfugl i lynghei og beitemark.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Få observasjonar. Er blant anna observert på Hiskjo 19/9-1999 (Falkenberg 2000).

Svartrast *Turdus merula*

Vanleg hekkfugl i skog- og kulturlandskap.

**Gråtrast** *Turdus pilaris*

Vanleg hekkfugl. Arten trivest ofte i kantsoner mellom kulturmark og skog.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkfugl i skog.

Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Vanleg hekkfugl i skog.

Duetrast *Turdus viscivorus*

Ganske sjeldan trekkgjest. M.a. 1 individ under vårtrekket 2001 (Falkenberg 2002). Dei store furuskogsområda på Bømlo er typisk duetrasthabitat, men det føreligg ingen indikasjonar på hekking.

Grashoppesongar *Locustella naevia*

Eit syngande individ vart registrert på Sakseid-teen 6/9-2000 (Falkenberg 2000).

Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Relativt fåtalig hekkfugl. Hekkar ved næringsrike vatn med godt utvikla kantvegetasjon. Påvist hekkande m.a. ved Storavatnet og Melingsvatnet.

Røysongar *Acrocephalus scirpaceus*

Mogleg sporadisk hekkfugl i Bømlo, men vert sjeldan observert (Bergtun 1996). Hekkar helst ved vatn med takrøyskog.

Gulsongar *Hippolais icterina*

Mogleg hekkfugl. Vert år om anna observert, blant anna på Nesse 18/5-94 (K. Bergtun). Arten vart òg observert på Nesse 22/5-95 (Mjøs & Frantzen 1996). Arten trivest godt i lauvskogar med tett undervegetasjon.

Hauksongar *Sylvia nisoria*

Vart første gong observert på Bømlo sommaren 25-26/8-2002 på Hallaråker.

Funnet er i skrivande stund ikkje behandla av LRSK, men er godt dokumentert.

Møllar *Sylvia curruca*

Blir observert relativt sjeldan. Helst i trekkidene, men det føreligg òg observasjonar frå hekketida. M.a. 1 syngande ved Vorland 31/5-2001 (Falkenberg 2002).

Tornsongar *Sylvia communis*

Relativ vanleg hekkfugl. Er mest talrik i menneske påverka områder som engar og åkerkantar.

Hagesongar *Sylvia borin*

Mogleg hekkfugl. Trivst ofte i område med tett vegetasjon. Eitt individ vart observert på Langevåg 8/5-2000 (Falkenberg 2001).

Munk *Sylvia atricapilla*

Relativ vanleg hekkfugl i rike lauvskogar og kantskog. Enkeltindivid overvintrar.

Austsongar *Phylloscopus trochiloides*

Eitt individ vart observert på Hiskjo 13/9-2000 (Falkenberg 2001). Dette er det tredje funnet av arten i Hordaland.

Gulbrynsongar *Phylloscopus inornatus*
Sjeldan trekkjæst. Første og hittil einaste observasjon av arten på Bømlø var på Hiskjø 8-9/10-1999 (Falkenberg 2000).


Gransongar *Phylloscopus collybita*
Vanleg hekkefugl i skog. Til tross for namnet gjerne tilknytt område med litt rikare lauvskog.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*
Særs talrik hekkefugl.

Fuglekonge *Regulus regulus*
Truleg ganske vanleg hekkefugl i barskog.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*
Ganske vanleg hekkefugl (Bergtun 1996). Arten er først og fremst tilknytt skog, men kan ofte sjåast i hagar og kulturlandskap.

Svartkvitflugesnappar *Ficedula hypoleuca*
Vanleg hekkefugl. Sekundær holrugar som gjerne tar i bruk fuglekassar.



Stjertmeis *Aegithalos caudatus*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl i lauv- og blandingsskog. Vert oftast observert i mindre flokkar i vinterhalvåret.

Lauvmeis *Parus palustris*
Relativ vanleg hekkefugl. Trivest best i litt rik lauvskog.

Granmeis *Parus montanus*
Vanleg hekkefugl i dei fleste skogtypar. Besøker fuglebrettet hyppig om vinteren.

Toppmeis *Parus cristatus*
Ganske vanleg hekkefugl i barskogområde. Hakkar gjerne sjølv ut reirholet i ein roten stubbe.

Svartmeis *Parus ater*
Relativt fåtalig hekkefugl. Utprega skogsfugl som helst vil ha tilgang på gran. Holrugar som

gjerne hekkar i kassar. Kan òg hekke i naturlege holrom på bakken.

Blåmeis *Parus caeruleus*
Vanleg hekkefugl. Hekkar ofte i fuglekassar.

Kjøtmeis *Parus major*
Vanleg hekkefugl. Hekkar ofte i fuglekassar.

Spettmeis *Sitta europaea*
Truleg relativ fåtalig hekkefugl. Den er ein typisk lauvskogsfugl. Eike- og hasselnøtter er viktig vinterføde for spettmeisa.

Trekrypar *Certhia familiaris*
Fåtalig hekkefugl. Vert oftast observert i barskogområde.

Pirol *Oriolus oriolus*
Eit individ vart observert på Langevåg 11/6-1999 og ved Habbestad 12-13/6-1999 (Falkenberg 2000).

Tornskate *Lanius collurio*
Ein hann vart observert tre gonger på Ekornsetre i perioden 27/5-3/7-1993 (Mjøs 1995).

Varslar *Lanius excubitor*
Eit individ vart observert ved Langevåg 17/3-1997 (Falkenberg 1999a).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*
Ganske vanleg hekkefugl i barskogområde. Sjåast ofte ved fuglebrettet vinterstid.

Skjor *Pica pica*
Vanleg hekkefugl nær busette område og kulturmærk.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*
Det føreligg kun nokre få observasjonar. Eit individ ved Habbestad 6/10-1999 (L. Økland) og eit individ på Svortland 13/11-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Kaie *Corvus monedula*
Det har berre vore nokre få observasjonar av kaie i Bømlø (Bergtun 1996).

Kornkråke *Corvus frugilegus*
Fåtalige og uregelmessige observasjonar. Fire individ på Hallaråker 4/5-1986 (O. Hallaråker). Eit individ på Nesse 13/11-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

Svartkråke *Corvus corone*
Observert på Sønstabø 19/10-1985 (O. Hallaråker) og 25/10-1985 (LRSK-arkiv).

Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl nær kulturlandskap og tettstader.

Ramn *Corvus corax*

Fåtaleg hekkefugl. Hekkar i bergveggar.

Stare *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskapet. Tar ofte i bruk fuglekassar.

Gråspurv *Passer domesticus*

Vanleg hekkefugl i bustadområde og kulturlandskap.

Pilfink *Passer montanus*

Fåtalig hekkefugl. Hekking konstatert på Meling sommaren 1995 (O. Hallaråker) og sommaren 2000 hekka det tre par i kasser (Falkenberg 2001).

Bokfink *Fringilla coelebs*

Vanleg hekkefugl, særleg i lauvskog.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Vanleg og enkelte år talrik trekk- og vintergjest.

Grønfink *Carduelis chloris*

Truleg relativ vanleg hekkefugl. Arten plasserar reiret ofte i prydbuskar, einer eller i ein hekk.

Stillits *Carduelis carduelis*

Arten vert ofte observert vinterstid. M.a. 30 individ ved Hovland 6/3-1999 (P. Mallinson).

Grønsisik *Carduelis spinus*

Truleg relativ vanleg hekkefugl i barskog.

Tornirisk *Carduelis cannabina*

Ganske fåtalig hekkefugl. Trivst i ope kulturlandskap.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**
Truleg relativt vanleg hekkefugl. Opptreir også vanleg i mindre flokkar i trekktidene og om vinteren.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanlig hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing, draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Brunsisiken er tilknytta kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Usikker som hekkefugl på Bømlo. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke tilknytt bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot

bjørkebeltet. Føre kjem relativt vanleg i større og mindre flokkar haust, vinter og vår, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik.

Bandkorsnebb *Loxia leucoptera*

Hekkar normalt ikkje i Noreg, men føre kjem år om anna invasjonarsarta. 2002 var eit svært spesielt år i så måte med mange observasjonar over heile fylket. På Bømlo vart m.a. 11 individ observert 11/8-2002 på Meling. Arten er tidlegare ikkje sikkert observert på Bømlo.

Funnet er i skrivande stund ikkje formelt behandla av LRSK, men er godt dokumentert.

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*

Hekkar truleg fåtalig i eldre barskog. Invasjonssart som enkelte år kan opptre i høge tal utanfor hekketida.

Furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus*

Truleg fåtalig hekkefugl i eldre barskog. Kan også opptre relativt talrikt i vinterhalvåret, men opptreir ikkje like invasjonssarta som grankorsnebb.

**Rosenfink** *Carpodacus erythrinus*

To observasjonar føreligg: Ein vaksen hann ved Mørkatjødno 3/7-1997 (Falkenberg 2000) og ein syngande hann ved Bjølledalen 7/6-1998 (Falkenberg 1999).

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*

Relativ vanleg hekkefugl i barskog. Arten er òg tidvis vanleg å sjå på fuglebrettet vinterstid.

Kjernebitar *Coccothraustes coccothraustes*

Sjeldan og tilfeldig trekkgjest. M.a. eit individ ved Moster 30/1-2000 (Falkenberg 2001).

Lappspurv *Calcarius lapponicus*

Arten kan observerast på vår og haustrekk. M.a. vart eit individ observert på Kjøl 7/5-2000 (O. Hallaråker).

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Enkelte observasjonar i trekktidene og om vinteren. Observerte m.a. ved Gulo 13/12-1999 (Falkenberg 2000).

Dvergsporv *Emberiza pusilla*

Kun eit funn: Eit individ ved Vorland i perioden 22/1-4/3-1995 (Pedersen 1996).

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Fåtalig hekkefugl. Arten trivest i kantsoner mot kulturlandskapet.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Fåtalig hekkefugl ved våtmarksområde. Det er registrert hekking m.a. ved Mørkatjødno på Meling (Odd Hallaråker pers. medd.).

Svarthodesporv *Emberiza melanocephala*

Einaste funn i Hordaland 16/8-2000 på Gåsland (Falkenberg 2001). Arten hekkar nærmast oss i Hellas og Italia.

PATTEDYR**INSEKTETARAR****Piggsvin** *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**

Relativ vanleg art. Er tilknytt jordbrukslandskapet, men kan òg finnast i hagar i større tettstader. Kalde vintrar, som ein hadde på vestlandet i 2002, fører ofte til at mange piggsvin dør.

**Vanleg spissmus** *Sorex araneus*

Truleg ein vanleg art over heile Bømlo.

Dvergspissmus *Sorex minutus*

Truleg ein relativ vanleg art. Den er m.a. registrert i nabokommunen Sveio (Jostein Kjærandsen pers. medd.).

FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om forekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2001). Dei nevnte undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket. Fire av dei er påviste på Bømlo.

To av artane som er registrerte på Bømlo er oppførte i kategorien DM – bør overvakast på den norske raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internettssidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Sannsynleg relativt vanleg art i Bømlo. Registrert av Syvertsen m.fl. (2001).

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Truleg den vanlegaste flaggermusarten i Bømlo som i landet forøvrig. Registrert av Syvertsen m.fl. (2001).

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)

Sannsynleg relativt vanleg art i Bømlo. Registrert av Syvertsen m.fl. (2001).

Skjegg-/brandtflaggermus

Myotis mystacinus/Myotis brandtii

Bør overvakast (DM)

Registrert på seks ulike stader ved undersøkingane 13-14/8-1999 (Syvertsen m.fl. 2001), men er truleg meir fåtalig enn dei andre påviste flaggermusartane i Bømlo. Artane kan kun skiljast ved innfanging, og sikker artsbestemming er difor ikkje gjort. Mest sannsynlege dreier funna seg om skjeggflaggermus (brandtflaggermus er ikkje påvist i Hordaland).

ROVDYR

Mink *Mustela vison*

Ville minkar er etterkomarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmar. Første minkane som rømte frå oppdrettsfarmar i Noreg, rømte frå Brandasund i 1930 (Austmo & Steinsvåg 2002). Arten er vanleg i heile Bømlo kommune, og er i første rekkje tilknytt strandsoner og vassdrag. Det hender òg at den kan følgje mindre bekkar lenger inn i større skogområde eller høgareliggjande område.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Fåtalig art i Bømlo. Det her vore enkelte observasjonar av røyskatt over heile Bømlo, men det er mange år mellom desse.

Oter *Lutra lutra*

Bør overvakast (DM)
Ansvarsart

Oter er òg ein fåtalig art i Bømlo. Det er i hovudsak i norddelen av kommunen i områda kring Rogøy og Katla at det har vore observasjonar og sett spor etter oter. Bestandsnedgangen ein har hatt i heile Noreg frå byrjinga av 1900-talet, er antatt å skuldast omfattande jakt. Undersøkingar tyder ikkje på at konkurranse med amerikansk mink har hatt noko effekt på oteren (Erlinge 1972 og Christensen 1995).

SELAR

Steinkobbe *Phoca vitulina*

Steinkobben finst i meir eller mindre samanhengande i grunne farvatn langs heile norskekysten. Arten vert relativt ofte observert i Bømlo, og den kan sjåast m.a. på kvileplassar ved mindre holmar og skjer fleire stadar i kommunen.

Havert *Halichoerus grypus*

Haverten er ikkje så vanleg å sjå som steinkobben, men det er òg jamnleg gjoft observasjonar av denne arten i Bømlo.

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Den haren ein finn i Bømlo i dag er introdusert frå Jæren. Denne rasen vert ikkje kvit om vinteren, berre meir gråleg. Dette vert rekna som ei tilpasning til snøfrie område. Denne fargevarianten finn ein òg m.a. på Gotland i Sverige. I Bømlo har arten fått best fotfeste nord for Kuleseidkanalen, men ein har òg observert hare sør til Vika.

Villkanin *Oryctolagus cuniculus*

Villkanin er òg ein introdusert art. Den førekjem på små øyar nokre få stadar i kommunen, mellom anna på Låtersøy. Graving av gongar i bakken kan føre til auka erosjon i det elles så skrinne jordsmonnet på slike stadar.

GNAGARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over heile kommunen.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Relativt vanleg art i Bømlo. Tilknytt jordbruksområde og busetnad.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Truleg relativt vanleg art. Arten trivest i skogområde og bustadar.

Markmus *Microtus agrestis*

Truleg ein relativt vanleg art i Bømlo.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Ingen konkrete funn føreligg, men den er truleg ein relativt vanleg art i Bømlo.

HJORTEDYR

Hjort *Cervus elaphus*

Hjorten er den største jaktressursen i kommunen. I 2001 vart det felt 128 dyr i Bømlo, og dette utgjør ei slaktevekt på ca. 7,3 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 360 000 kr. I Bømlo har ikkje hjorten typiske vinterbeiteområde slik ein kan finna i indre delar av fylket. Bømlo har minimalt med snø, men opne kystområder kan vere særskild verutsette. Dette er truleg årsaka til at ein frå gammalt av har meint at hjorten generelt trekkjer til meir skogkledde områder som t.d. Børøymarka vinterstid.




Dei sesongmessige trekka er ein viktig del av hjorten si evne til å utnytte beiteområder optimalt. Fysiske hindringar i trekkrutene kan føre til lågare bereevne for hjort i det aktuelle området, og dermed mindre bestand. Det er òg naturleg at dette kan gå ut over dyra si kondisjon og vekt. Stort sett er dyra fleksible ved at dei kan justere trekkrutene i forhold til inngrep. Før ein gjer inngrep i slike trekkruter må ein imidlertid vurdere om inngrepet kan føre til vesentleg innskrenking av hjorten sine moglegheiter til å forflytte seg.


Bestanden i Bømlo har som elles i fylket vore i vekst og hjorteforvaltninga er ein av dei store utfordringane i viltforvaltninga. Kor stor ein ønskjer at bestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om ein stor bestanden, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar.

Elg *Alces alces*

Det skal ha vore enkelte observasjonar av streifdyr i Bømlo.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Bømlo kommune 1982-2001.



Figur 2. Tildelt kvote på hjort og sum talde dyr ved registreringar på innmark på vårparten. Registreringane er utført av Ole Johan Nøstbakken for Bømlo kommune.

BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

SKOGBRUK

Bømlo kommune kan kanskje ikkje kalla seg ein typisk skogbrukskommune i nasjonalsamanheng, men Bømlo har òg større barskogar med typisk gamalskogpreg. I desse områda finn ein arealkrevjande artar som hønehawk, storfugl og kvitryggspett. I Bømlo har ein rundt 50 km² produktiv skog, og ca. 13 km² av dette er kulturskog. Den produktive skogen utgjer rundt 20 % av det totale arealet i Bømlo.

For di ein truleg finn nær halvparten av det biologiske mangfaldet i skogsmiljø, kan skogbrukarar og grunneigarar i stor grad påverka mange artar både i positiv og negativ retning (Direktoratet for naturforvaltning 1999). Det er særleg etter at ein gjekk over frå plukkhogst til bestandsskogbruk etter 1950-talet, at det biologiske mangfaldet har blitt påverka negativt. Med bestandsskogbruk på Vestlandet har ein i stor grad gjennomført såkalla treslagskifte, der furu og lauvtre vert erstatta med gran. I dei planta granbestandane er trea av same alder og vert som oftast hogd før dei når det gamle stadiet som mange av "gamalskogsartane" er avhengige av. I ein naturleg skog vil ein ofte ha innblandingar av fleire treslag, ein vil ha tre av alle aldrar og rikeleg med død ved i ulike nedbrytningsstadium. Dette er habitat som mange artar er avhengig av.

Ein potensiell konflikt mellom skogbruk og viltinteresser er at gamal skog på god bonitet vert føretrakt av både skogbruket og mange viltartar. Det er spesielt arealkrevjande artar som storfugl og hønehawk, som har blitt mest negativt påverka. Begge disse artane finn me i skog på Bømlo. Bestandsskogbruket har òg negative konsekvensar for spettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekkje andre holrugande fugleartar er nyttar dessutan gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan difor òg få konsekvensar for dei såkalla sekundære holrugarane. Negative effektar av skogbruket har ein òg registrert i skogane på Bømlo. Storfugl har måtta flytta frå tradisjonelle spelplassar og hønehauken har fått fleire reirtre hogd ned (Steinsvåg 2002). Dei siste åra har ein skogbruksnæringa fått større forståing for kor stor grad dei kan påverka det biologiske mangfaldet i skoglandskapet. Meir

miljøvennleg hogst og fleirbruksomsyn er òg på veg inn i skogbruket. Forskningsprosjekt og publikasjonar som "Siste sjanse" (Haugset m.fl. 1996), "Rikere skog" (Aasaaren 1991) og "Veien til et bærekraftig skogbruk" (Solbrå 1996) i regi av skogbruket og naturforskninga har nettopp bidratt til å sette slike prinsipp på dagsorden.

Meir bruk av driftsplanar i skogbruket vil truleg gjera det lettare å planleggje framtidig bruk av skogområder og ta miljøomsyn tidleg i planprosessen. Under følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ivareta viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthaldast.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkeløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk" mark.
- Sett igjen nokre store tre.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp, for å oppretthalde reirtre og viktige næringskjelder for spettar.
- Unngå treslagsskifte i dei frodigaste lauvskogsområda og område med eldre blandingskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, t.d. reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl og eldre ospeholt for spettar.
- Ved vegframing og hogst i viktige- og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndigheitene blir tatt med i planlegginga.

JORDBRUK

Jordbrukslandskapet er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Men mange viltartar finst i høgare tal i slike område enn i meir upåverka område. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller heilt fråverande lokalt utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale og stare). Situasjonen er dessverre ikkje slik at jordbruket berre er positivt for viltet. Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir homogent landskap og enkelte habitattypar har forsvunne. Det er særleg dei spesielle habitata

tilknytt det tradisjonelle, småskala jordbruket som har blitt redusert etter intensiveringa. Døme på tiltak som kan verke negativt på viltet er; grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, attgroing av beitemark, lukking og kanalisering av bekkar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og oppdyrking av våtmark. Viltet på si side, kan òg har negative effektar på jordbruket. Til dømes kan ei stor hjortestamme føre til beiteskadar på både skog og innmark.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

Allmenretten står sentralt i friluftslivet i Noreg, men det er nokre avgrensingar med tanke på utøving av jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdseil. Generelt har ein som ønskje i naturforvaltninga at folk flest skal bruke tid i utmarka, då dette ofte fører til ei større interesse og større grad av omsyn til naturtilhøva ein finn i lokalmiljøet sitt. Viltet har i mange årtusenar vore eit jaktobjekt for menneske, og gjennom seleksjon har viltet "lært" seg å frykta mennesket. Denne naturlege frykta er òg ein del av viltet i dag, og ferdseil i utmarka vil ofte føre til at visse individ fjernar seg frå området. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men òg til andre årstider kan stress grunna ferdseil kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Stor generell ferdseil kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønsefugl og rovfugl. Ved større organiserte orienteringsløp og utflukter bør ein absolutt sjekke den planlagde løypa opp mot viltkartverket til kommunen. Slike større organiserte utflukter kan få store konsekvensar for viltet dersom dei vert gjennomført i kritiske periodar på året. Ved bruk av utmarka til turgåing må ein òg huske på bandtvang for hund i tida mellom 1. april - 20. august.

JAKT

Jakt av vilt er som tidlegare nemnt hovudårsaka til at viltet har ein slags innebygd frykt for menneske. Moderne jakt vil naturlegvis òg kunne føre til at viltartar trekk seg unna "jaktutsette" områder. Jakta foregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for forstyrningar. For enkelte artar er òg jakt eit avgjerande bestandsregulerande verkemiddel, dette gjeld særleg hjortevilt. I forvaltninga av hjortevilt har ein nytta retta avskyting som eit viktig prinsipp for å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av

hjordteivlt kan føre til lavare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Kor stor effekt jaktuttak har på småviltbestandar har vore noko omdiskutert. Det er imidlertid sannsynleg at eit høgt lokalt jaktpress over tid kan føre til ein reduksjon i viltbestandar lokalt (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølve uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Det er difor viktig at den lokale viltforvaltninga vurderer fortløpande om jakta er bestandsmessig forsvarleg eller ikkje.

I Bømlø har ein registrert bestandar av villkani-ner på fleire øyar. Ein har i tillegg observert fasan, som mest truleg er satt ut lokalt i kommunen med tanke på jakt. Minken rømte frå ein pelsdyrfarm ved Brandasund på 1930-talet, etablerte seg raskt i heile regionen. Felles for alle desse artane er at dei er introduserte og framande. Introduserte artar vert i verds målestokk sett på som det nest største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Folk generelt og kanskje spesielt jegrar, bør vera merksam på kva effektar utsetting av framande artar kan ha i økosystemet. Det er dessutan ulovleg å sette ut viltartar eller rasar som ikkje frå før finst i distriktet (viltlova § 47)

ULOVLEG JAKT/ETTERSTREBING

Jakt og fangst av freda vilt, særleg trua og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både krypskyting med tanke på utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar til f.eks. falkone-ring, i tillegg til felling av artar som enkelte kallar "skadevilt". Omfanget av slik aktivitet lokalt i Bømlø er ikkje kjent, men viltansvarlig i kommunen bør prøve å halde seg oppdatert på dei opplysningane som eksisterer om hekk-plassane til dei aktuelle artane. Ved mistanke om ulovleg verksemd må lensmannsetaten varslast omgåande. Lokalpersonar som kjenner til t.d. hekkstadar til rovfugl, kan med fordel vere litt ekstra på vakt i dei mest kritiske periodane av året. Ved særleg utsette stader kan ein òg vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

BUSTADAR OG INDUSTRI

Eit av dei største problema til mange viltartar er at leveområda deira vert fragmentert og oppstykkja og ofte isolerte frå kvarandre. Bu-

stadar og industri krev store areal, i tillegg er det vegar og andre kommunikasjonar tilknytt slike områder som legg under seg områder. Slik arealbruk fører ofte til at store areal vert forandra eller oppstykkka. Som eksempel i Bømlo kan ein sjå på områda kring Rubbestad og innvær, som er eit viktig trekkområde for hjort. Dersom byggjeaktiviteten på lengre sikt fortsett som før, kan hjort som held seg nordafor i områda kring Selsvatnet og Rolvsnes bli meir eller mindre isolerte, då denne trekkruta er i ferd med å bli sperra. Dette vil føre til ein dårlegare ressursutnytting av beiteområde og truleg lågare bereevne for hjort.

Det er derfor viktig at ein i framtidig arealforvalting at industri og bustadfelt ikkje blir lagt innanfor viktige- og svært viktige viltområde og heller ikkje så nært inntil desse at ein påverkar områda negativt. Det same gjeld for hyttebygging og annan byggjeaktivitet.

VEGAR

Vegbygging påverkar i stor grad leveområder for mange viltartar, og det er fleire effektar ved vegbygging som kan få alvorlege konsekvensar for enkelte artar. Den mest negative effekten er truleg at leveområda vert fragmenterte og ofte isolerte frå kvarandre, det gjeld spesielt vegtrasear med høge gjerde eller andre objekt som reint fysisk kan hindre viltet å krysse vegen. Slik isolering vil igjen kunne påverke levedyktigheiten til dei ulike bestandane.

Ein annan negativ effekt er at vegframføring opnar for lettare tilkomst til område som frå før var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka fortyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraseen. Påkjørslar av vilt i vegbanen er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved nøye planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast. For eksempel kan trivielle og estetiske tema som planting av vekstar langs grøftene, skape eit matfat for visse viltartar og særskild uheldige situasjonar i trafikken.

VASSDRAGSREGULERING

I Bømlo er kanskje ikkje vassdragsregulering eit særskilt aktuelt tema, men det er fleire vatn kor vannstanden vert kunstig påverka, då oftast i regulerte drikkevatt. Vassdragsregulering er først og fremst aktuelt i samband med kraftproduksjon, drikkevatt og settefiskanlegg. Regulering av vatn kan føre til oversvømming av tidlegare hekke- og næringsøksområde og redusert næringstilgang som følgje av endra forhold i vatn og elvar (f.eks. dårlegare gyteforhold for fisk, vandringshinder, dårlegare produksjon av botndyr, endra djupneforhold og

hyppige- og store vannstandsendingar). Tørrlegging av elvar kan føre til lågare produksjon av insekt som har larvestadiet i vatn, noko som fører til dårlegare næringstilgang for fugl som lever av insekt i og ved elva. Lomartane er spesielt utsette for hyppige vannstandsendingar fordi dei oftast byggjer reiret like i vasskanten.

KRAFTLEIDNINGAR

Kraftlinjer kan vera problematisk for viltet, og då særleg for fuglelivet. Forskjellige fugleartar vil vera ulikt utsett for kollisjonar og elektrocutation. Faktorar som kan vera med å avgjere omfanget av effektar på fugl, er arten sin anatomi, tettleiken av individ i det aktuelle området, trekk og aktivitetsmønster, og forskjellar i utvikling av syn. Kollisjonar med kraftlinjer tek truleg livet av fleire fuglar enn det som vert hausta under jakt.

Ved undersøkingar har ein funne spesielt mykje død fugl der leidningane kryssar forseinkingar i terrenget. Slike linjer vil ofte vera i flygetraseen for fugl ettersom mange artar (særleg hønsefugl) ofte følgjer terrengformasjonane. Kraftliner som strekk seg over toppar og høgder i terrenget verkar òg å utgjera eit større trugsmål for fugl, enn kraftlinjer elles terrenget (Bevanger 1993). Statistikk frå Stavanger Museum syner at det er rovfuglar og hønsefuglar som kjem dårlegast ut i områder med kraftlinjer. Av rovfuglar er både hubro og hønsehauk særleg utsett. Rovfuglar nyttar ofte stolpar som utkikkspostar og dør av elektrokusjon ved letting eller landing. Av hønsefugl, vert både orrfugl og storfugl negativt påverka av kraftlinjer (Bevanger & Thingstad 1988).

Det rimelegaste tiltaka vil ofte vera å sørgje for at ledningstraseen ikkje vert lagt i områder kor det er mykje fugl. Slike områder vil ofte vere våtmarksområder, spillplassar, rasteområder og områder kor sårbare fugleartar held til. Det er spesielt viktig at ikkje kraftlinjene kjem i innflygingssona til denne typen områder. Eit anna, men ofte kostbart tiltak, vil vera å gå over til jordkabel. Ein auka bruk av kabel for lavspentnettet og det lavare høgspentnettet vil vera viktig for å redusera kollisjonar/elektroksjonar på utsette stadar (Bevanger & Thingstad 1988). Merking av kraftlinjer for å gjera linjene meir synlege for fugl har og redusert dødligheten til fugl årsaka kollisjonar (Ålbu 1983).

AVFALL

Åpne avfallsplassar har ofte blitt trekt fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt. Kor

stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshønsbestandane. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, høns-hauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995). I Bømlo har ein verken mår eller rev. Sjølv om ein har ein del måse og kråkefugl, vil det vere mest fornuftig med tanke på storleiken på storfuglbestanden, å rette blikket mot skogbruket. Øydelegging av optimale habitat ved drenering av myrar og hogst av eldre naturskog i Bømlo, har naturlegvis store effektar på bestanden av storfugl og andre artar tilknytt slike biotopar. Så lenge egna habitat vert mindre og mindre, er bestandane av kråkefugl av særskilt liten betydning for skogsfugl i Bømlo.

Små, private avfallsplassar "bak låa" kan ha den same effekten på kråkefugl o.l. som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan bidra til å oppretthalde "naturleg store" bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonnerud 1997). Dersom ein har mistanke om at

dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

OPPDRETTSANLEGG

Bømlo har med sitt naturleg fragmenterte kystlandskap mange områder kor oppdrettsnæringa har fått utvikle seg. Oppdrettsnæringa kan i enkelte høve legge beslag på store areal og kan i visse høve komme i konfliktar med viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte forstyrningseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konfliktar går på at enkelte dyrearartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe. Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndigheitene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konfliktar.

INFORMANTAR

Viltregistreringane har i stor grad vore basert på intervju med lokalpersonar med god kjennskap til vilttførekomstar. Utan desse ressurspersonane hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammene som vart sett. Stor takk til alle saman!

Antonsen Kjell Ove	Rubbestadneset	Nes Jim	Mosterhamn
Barane Hans	Finnås	Nøstbakken Ole Johan	Håvik
Endresen Jens	Finnås	Skjetne Olav	Finnås
Eriksen Egil	Folderøyhamn	Solås Sigbjørn	Mosterhamn
Ersland Kurt	Finnås	Stautland Brynjar	Finnås
Hallaråker Odd	Halleråker	Stautland Harald	Rubbestadneset
Hidle Alf Harald	Finnås	Steinsvåg Magnus Johan	Finnås
Kjærandsen Jostein	Bømlo	Stølen Helge	Folderøyhamn
Mallinson Peter	Bømlo	Vorland Einar	Bømlo
Myrhe Edvin	Folderøyhamn	Økland Lars	Gåsland

LITTERATUR

- Austmo, L.B. & Steinsvåg, M.J. 2002. God eller dårlig biodiversitet? - Ei kritisk vurdering av forvaltingspraksis på framande artar. - Cand. scient. oppgåve. Norges teknisk- naturvitenskaplige universitet, Zoologisk Institutt. 97 s + vedlegg.
- Bergtun, K. 1996. Oversikt over fugler som er observert i Bømlo kommune. Krompen 25: 56-59.
- Bevanger, K. & Thingstad, P.G. 1988. Forholdet fugl – konstruksjoner for overføring av elektrisk energi: en oversikt over kunnskapsnivået. – Økoforsk utredning; 1988:1, 133 s.
- Bevanger, K. 1993. Fuglekollisjoner mot en 220 kV kraftledning i Polmak, Finnmark. – NINA forskningsrapport; 40: 26 s.
- Bjørge, A., Aarefjord, H., Kaarstad, S., Kleivane, L. & Øien, N. 1991. Harbour porpoise *Phocoena phocoena* in Norwegian waters. *International Council for the Exploration of the Sea. C.M. 1991/N:16*. Marine Mammals Committee. 24 s.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA-rapport 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Chapman, E. 1992. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1991. – Krompen 21: 56-59.
- Chapman, E. 1993. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1992. – Krompen 22: 62-67.
- Christensen, H. 1995. Determinants of otter *Lutra lutra* distribution in Norway. Effects of harvest, polychlorinated biphenyls (PCBs), human population density and competition with mink *Mustela vison*. Dr. scient.-avhandling, Department of Zoology, University of Trondheim.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. MVA-rapport 2/1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Erlinge, S. 1972. Interspecific relations between otter *Lutra lutra* and mink *Mustela vison* in Sweden. *Oikos* 23: 327-335.
- Falkenberg, F. 1999. Fugler i Hordaland 1998. – Krompen 28: 66-87.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. – Krompen 29: 73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. – Krompen 30: 74-104.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. – Krompen 31: 94-119.
- Fiske, P. 1994. Rødstilk *Tringa totanus*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Fjeldså, J. 1994. Horndykker *Podiceps auritus*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Fremming, O.R. 1986. Bestandsnedgang av hubro (*Bubo bubo*) i Øst-Norge 1920-1980. Viltrapport 40. Direktoratet for Naturforvaltning. Trondheim 1986.
- Gjerde, I. & Sætersdal, M. 1996. Treslagsskifte og fugl på Vestlandet. - Aktuelt fra Skogforsk. 1996 nr. 9. 15 s.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. - Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Habbastad, K. 1988. Hisøy- ein oase i skjergarden. Det norske skogselskap 1988. 78s.
- Haftorn, S. 1971. Norges fugler. Universitetsforlaget, Oslo.
- Hallaråker, O. 1996a. Sønstabø (Nordtun). - Krompen 25: 68.
- Hallaråker, O. 1996b. Mørketjødno i Bjødledalen. - Krompen 25: 69.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Jacobsen, O.W. 1996. *Kanadagåsa Branta canadensis* L. på Bømlo. Krompen 2/96. s.93-95.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Langhelle, G. 1978. Årsberetning 1977 for LRSK Hordaland. – Krompen 7: 32.
- Løfaldli, L. 1994. Storspove *Numenius arquata*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Miljøverndepartementet, Fylkesmannen i Hordaland. 1984. Verneplan for sjøfugl. Delplan 4: Hordaland.
- Mjøs, A.T. 1991. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1990. – Krompen 20:11-16.
- Mjøs, A.T. 1995. Hordalandsrapporten 1993. – Krompen 24:16-24.
- Mjøs, A.T. og Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1995. – Krompen 25: 63-74.
- Mjøs, A.T. og Frantzen, E. 1997. Hordalandsrapporten 1996. – Krompen 26: 180-193.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

- Overvoll, O. og Wiers, T. 2002. Viltet i Ulvik. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1/2002: 1-48.
- Pedersen, F.H. 1995. Sjeldne fugler i Hordaland 1994. - Krompen 24: 74-78.
- Pedersen, F.H. 1996. Sjeldne fugler i Hordaland 1995. - Krompen 25: 75-79.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. - Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedshaug, C.A. og Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. - Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Solheim, R. 1994. Nattravn *Caprimulgus europaeus*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. - Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Stavland, A. 1990. Natur- og Kulturverdiar på Bømlo. Bømlo kommune. 23 s.
- Steinsvåg, M.J. 2002. Kartlegging av hekestadar for hønsehauk (*Accipiter gentilis*) i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland.- Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2-2002: 21s + vedlegg.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. - Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210s.
- Syvvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2001. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. - Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Vader, W. 1994. Tyvjo *Stercorarius parasiticus* i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. - Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Økland, B. 1996. Om plantelivet på Bømlo. - Krompen 25: 78-83.
- Økland, L. & Katla, K. 1996. Storavatnet. Krompen 25: s 68.
- Ålbu, Ø. 1983. Kraftlinjer og fugl. - Rapport/ Det Kgl. Norske videnskabers selskab, Museet. Zoologisk serie; 1983-8. 60 s.

VEDLEGG 1. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har me prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Bømlo. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølvstøtt og store nyansar i forekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskutert, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Følgjande kodesystem er brukt:

Status	Førekost
D påvist yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynlig yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Antal artar innan dei ulike dyregruppene

	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibiar	1	0	0	0	1
Krypdyr	3	0	0	0	3
Fuglar	100	7	10	107	224
Pattedyr	10	8	1	3	22
Totalt	114	15	11	110	250

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Vår	Førekomst		
				Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIAR						
Padde	Bufo bufo	D	XX	XX	XX	XX
KRYPDYR						
Firfisle	Lacerta vivipara	D	X	X	X	X
Stålorm	Anguis fragilis	D	XX	XX	XX	XX
Hoggorm	Vipera berus	D	XX	XX	XX	XX
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	Gavia stellata	O	(xx)		(xx)	(xx)
Storlom	Gavia arctica	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Islom	Gavia immer	O	(x)		(x)	(x)
Gulnebbblom	Gavia adamsii	O	(xx)		(xx)	(xx)
DYKKARAR						
Dvergdykkar	Tachybaptus ruficollis	O	(xx)		(xx)	(xx)
Toppsykkar	Podiceps cristatus	O	(x)		(x)	
Gråstrupedykkar	Podiceps grisegena	O	(xx)		(xx)	(xx)
Horndykkar	Podiceps auritus	O	(x)		(x)	(x)
STORMFUGLAR						
Havhest	Fulmarus glacialis	D	(xx)	(xx)	(xx)	(x)
Havlire	Puffinus puffinus	O	(x)		(x)	
Middelhavslire	Puffinus yelkouan	O			(x)	
Havsvale	Hydrobates pelagicus	O		(xx)	(xx)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
PELIKANFUGLAR						
Havsule	<i>Sula bassana</i>	O	X		X	X
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X		X	X
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	D	X	X	X	XX
STORKEFUGLAR						
Egretthegre	<i>Egretta alba</i>	O		(x)		
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	XX	XX	XX	XX
ANDEFUGLAR						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O	(x)		(x)	(x)
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Sædgås	<i>Anser fabialis</i>	O	(x)		(x)	(x)
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Tundragås	<i>Anser albifrons</i>	O	(x)		(x)	(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	X	X	X	(xx)
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	X	X	X
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Ringgås	<i>Branta bernicla</i>	O	(xx)		(xx)	
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	C	X	X	X	X
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	XX	X	(x)
Amerikakrikkand	<i>Anas carolinensis</i>	O	(x)			
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O	(x)		(x)	(x)
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	B	(x)	(x)	(x)	(x)
Skjeand	<i>Anas clypeata</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	D	X	X	X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(xx)		(x)	(xx)
Rødhodeand	<i>Netta rufina</i>	O	(x)			
Ærfugl	<i>Somatria mollissima</i>	D	XX	XX	XX	XX
Praktærfugl	<i>Somateria spectabilis</i>	O				(x)
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	X		X	X
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	(xx)	X	(xx)	(xx)
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	XX		XX	XX
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	XX	XX	XX	XX
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
HAUKEFUGLAR						
Kvepsevåk	<i>Pernis apivorus</i>	O	(x)		(x)	
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	X	ca. 5 par	X	X
Myrhauk	<i>Circus cyaneus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Hønehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	5-10 par	X	X
Spurvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Musvåk	<i>Buteo boteo</i>	O	(x)		(x)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	O	X		X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)		(x)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
FALKAR						
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	D	X	X	X	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	D	X	1-2 par	X	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	
HØNSEFUGLAR						
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Fasan	<i>Phasianus colchicus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
TRANEFUGLAR						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	C		(xx)	(xx)	
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	B	(xx)		(xx)	(xx)
Trane	<i>Grus grus</i>	O	(x)		(x)	
VADE-, MÅSE- OG ALKEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralgeus</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	B	(xx)		(xx)	
Boltit	<i>Charadrius morinellus</i>	O	(x)		(x)	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	O	X		X	
Tundralo	<i>Pluvialis squatarola</i>	O	(xx)		(xx)	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X	X	(xx)
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O	(x)		(x)	
Sandløper	<i>Calidris alba</i>	O	(x)		(x)	
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O	(xx)		(xx)	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	O	(x)		(x)	
Tundrasnipe	<i>Calidris ferruginea</i>	O	(xx)		(xx)	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	O	X		X	(xx)
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O	X		X	(xx)
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O	X		X	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyttus minimus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	XX	XX	XX	X
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O			(x)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svarthalespove	<i>Limosa limosa</i>	O	(xx)		(xx)	
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O	(x)		(xx)	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	O	(xx)		(xx)	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	X	X	X	
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O	(xx)		(xx)	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	XX	XX	XX	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	(xx)		(xx)	
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	O	(x)		(x)	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	(x)		(x)	
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
Steinvendar	<i>Arenaria interpres</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Polarsymjesnipe	<i>Phalaropus fulicarius</i>	O			(x)	
Polarjo	<i>Stercorarius pomarinus</i>	O	(x)		(x)	
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	D	(xx)	X	(xx)	
Fjelljo	<i>Stercorarius longicaudus</i>	O	(xx)		(xx)	
Storjo	<i>Stercorarius skua</i>	O	(x)	(x)	(x)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	O	(xx)		(xx)	
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	X
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Grønlandsmåse	<i>Larus glaucoides</i>	O			(x)	(x)
Polarmåse	<i>Larus hyperboreus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Svarthak	<i>Larus marinus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(x)
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D		XX		
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D		XX		
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O	X		X	X
Polarlomvi	<i>Uria lomvia</i>	O	(x)		(x)	(x)
Alke	<i>Alca torda</i>	D	(xx)	(x)	(xx)	(xx)
Teist	<i>Cephus grylle</i>	D	X	X	X	X
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Lunde	<i>Fratercula arctica</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
DUER						
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	D	X	X	X	X
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O		(x)		
GAUKAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D		X		
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D	X	6-7 par	X	X
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O	(x)		(x)	(x)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	XX	XX	XX	XX
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O	(x)		(x)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O	(x)		(x)	(x)
NATTRAVNAR						
Nattravn	<i>Caprimulgus europaeus</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	
SEGLARAR						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
SPETTEFUGLAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	C		(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Tretåspett	<i>Picoides tridactylus</i>	O			(x)	(x)
SPORVEFUGLAR						
Sanglerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	B		(xx)		
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D		XX		
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D		X		
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	X	XX	XX	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	X	XX	XX	
Skjærpipplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D		(xx)	(xx)	
Gulerle	<i>Motacilla flava thunbergii</i>	O	(xx)		(xx)	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	X	XX	XX	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Sidensvans	<i>Bombicilla garrulus</i>	O			(xx)	(xx)
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	C	X	X	X	X
Gjerdesmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	X
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Sørmattergal	<i>Luscinia megarhynchos</i>	O	(x)	(x)		
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	O	(xx)		?	
Svartraudstjert	<i>Phoenicurus ochruros</i>	O	(x)	(x)		
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	XX	XX	XX	
Svartstrupe	<i>Saxicola torquata</i>	D	X	X	X	X
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	XX	XX	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	X
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XX	XX	XX	X
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	B	(xx)	(xx)		
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	D	XX	XX	XX	
Røysongar	<i>Acrocephalus scirpaceus</i>	B	(xx)	(xx)		
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	O	X	X		
Hauksongar	<i>Sylvia nisoria</i>	O			(x)	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	B	(xx)	(xx)		
Tomsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	XX	XX		
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	C	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Gulbrynsongar	<i>Phylloscopus inornatus</i>	O			(x)	
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	XX	XX	XX	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	X	X	X	(xx)
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	X	X	X	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	C	(x)	(x)	(xx)	(xx)
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	XX	XX	XX	XX
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Kjødmeis	<i>Parus major</i>	D	XX	XX	XX	XX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	X	X	X	X
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Pirol	<i>Oriolus oriolus</i>	O		(x)		
Tomskate	<i>Lanius collurio</i>	O	(x)	(x)		
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	XX	XX	XX	XX
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	O			(x)	(x)
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Svartkråke	<i>Corvus corone</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Strnus vulgaris</i>	D	XX	XX	X	
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XX	XX	XX	XX
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	X	X	X	(xx)
Grønfinnk	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XX	X
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O	(xx)	(x)	(xx)	(xx)
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	D	XX	XX	XX	X
Tornirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O			(x)	(x)
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	C			(xx)	(xx)
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	XX	XX	XX	XX
Kjernebiter	<i>Coccothraustes</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	O	(xx)		(xx)	
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	O	(xx)		(xx)	
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Dvergsporv	<i>Emberiza pusilla</i>	O	(x)		(x)	(x)
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	(xx)
Svarthodesporv	<i>Emberiza melanocephala</i>	O			(x)	

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	XX	XX	XX	XX

FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	X	X	X	X
Skjegg-/Brandtflaggermus	<i>M. mystacinus/M. brandtii</i>	C	X	X	X	X
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	XX
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	X	X	X	X

ROVDYR

Mink	<i>Mustela vison</i>	D	XX	XX	XX	XX
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	D	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	D	X	X	X	X

SELAR

Steinkobbe	<i>Phoca vitulina</i>	O	X	X	X	X
Havert	<i>Halichoerus grypus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

PARTÅA

Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Elg	<i>Alces alces</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
HAREDYR						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Villkanin	<i>Oryctolagus cuniculus</i>	C	X	X	X	X
GNAGARAR						
Ekm	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Husmus	<i>Mus musculus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	B	XX	XX	XX	XX

VEDLEGG 2. KART

Informasjonen frå viltkartlegginga er samla i tre kart: 1) Småvilt med trekkvegar for hjort, 2) ikkje offentlege opplysningar og 3) prioriterte viltområde. Alle karta finst i plotta utgåve hjå kommunen.


I viltrapporten blir berre kartet over prioriterte viltområde presentert. Dette gir ei grov oversikt over plassering og utbreiing av dei viktige viltområda. Grensene for dei fleste viltområda er uansett skjønsmessige og skarpe grenser finst sjeldan i naturen. Unntak gjeld førekomst av artar som til visse tider av året er knytte til spesielle og velavgrensa leveområde som t.d. våtmarker og hekkeholmar. Alle dei prioriterte viltområda er gitt ein omtale i rapporten.

Bømlo kommune

Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig

-  Skog
-  Dyrka mark



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)

